

Fra Arne Garborgs dagbøker om Henry George (sortert av Rolf Erik Solheim)

1.5.05

– – Mykje og mangt kann Framtidi gøyne. Eg ynskjer no helst eitt: at Tsardøme fell, og at Russland vert fritt; fritt, med ein Eigedomsskipnad bygd paa det gamle Jord-Sameige i ny (George'sk) Form. Daa kunde Tanken um det sambundne Europa koma til aa gange ut fraa Russland.

4.7.05

Eg vert mindre og mindre Bladmann; og det som no dreg meg meir og meir, George's jordrentetanke, fær eg vel ikkje nokon av desse norske Odelsbøndane med meg paa, so lengi daa visst som eg liver.

18.08.05

– Her lés eg Alfred Wallace ("Land Nationalisation"), naar eg sit inne, og ikkje er paa "Finneferd". Herre Gud, so lite me veit. Her gjeng me i all vaar Tid og talar um, og trur paa "europæisk Kultur"; og so er vaare "fremste Kulturland" midt i svartaste Villmannskapen. Ja inkje noko "villt" Folk hev so fæl ein Villmann-skap i full Magt som det heilage britiske Rike. Men George-Tanken er komin upp der; og ein fær vel tru, at han etterkvart fær Magt og vinn. I Norig kunde det turvast han vann av andre Grunnar; men det vert lengi fyrr me Bøndar skynar og gjeng med paa dette: at Jordi ikkje skal vera mi, vera Sereign. Men at dette er Framtidi skynar eg no serleg av den kinesiske Fortid.

08.01.06

– Bygdine kunde haldi ut lengi, hadde det ikkje vori denne "Kapitalismen", som her so vel som andre Stadir riv Folke upp og dreiver det til Bys. Og denne Sjuken er det vel lite Raad med. George'ismen skulde gjeva ei Von. Men den vinn vel kje fram fyrr det er for seint. Eg held no paa med ei amerikansk Bok um Tusund-aarsrike; den sét si Von til, at Enden paa den gamle Verdi er i Vente, og at Messias snart kjem. Han tek daa Heimsstyre, bind Djevelen og fær Magt med Syndi, og reiser sistpaa det Gudsrike, der alt skal vera fullkomi, og alt skal vera Sæle og Glede. Eg les det halvt i Laatt og stundom burtimot Graat; er Verdi so langt komi, at ho ikkje hev anna aa trøyste seg med enn Apokalypse-Draumar?

15.5.06

Fraa rettferdige Tilstand, som dei mosaiske, kinesiske o. s. fr., gjeng det "fram" til urettferdige som dei me no hev; gjennom deim slit den ætti seg ut som no raader, og so kjem det nye Mongolar og tek til att fraa nytt av

med same Dansen. Til dess dei hev dansa ut. So nye Mongolar att. Og so alt fort. Sistpaa kjem Isen.

– – Eller s k u l d e denne George-Rørsla faa Framgang: med rettferdige Tilstand og Kultur samstundes? Kultur med Fred og roleg Framgang? – Naah. Um so var. Um so og so mange tusund Aar hev Verdi gløymt si gamle Sogu; Hérstrid og Landrøving og Folke-Kuving vert "stort" att

8.9.06

Det eg no kann gjera er aa setja um gamle Stormennar til norskt –, um den Tidi skulde koma at Nordmennar fekk Bruk for ein norsk Bokheim. Og so fær eg arbeide med det store aalmenne Samfundsspursmaale. Ei Bok um den nye Samfunds-Tanken i Framvokster – fraa Saint Simon til Henry George – tek til aa gry for meg; ho kunde vel endaa verte mest som eit F r a m h a l d av Jesus-Sogo?

– – Og so stelle med Hagen her? – Det smakar daa av Jordbruk. Og Bonde er eg.

12.2.07

– – Elles gjeng eg og gruvar meg for vaar "norske Framtid". Pengevelde tek i Aalvor til; utanlandske Pengar legg Lande under seg paa uhugleg Vis; og Folke, Stakkar, som i 500 Aar hev vori heimlaust i Lande sitt, sél Jordi bygdevis, eller so fort som det kann, til Utlending og Bymann. Stortinge hev endeleg fengi eit Auga upp; men um det kann gjera noko som hjelper mot dette nye Hansa-Velde, det er paa Voni. Det einaste skulde vera um George-Tanken vann i Engeland ...

23.2.07

Det er dette det gjeld um: Live maa verte oss gjævt, høgt, heilagt; Aalvor og dermed Hugnad maa det verte oss. Ein hev naatt Sæla – og Vilkaare for ei komande Sæle au um ein vil hava den med –, naar ein er komin so langt at ein rolegt skynar og med god Vilje bøygjer seg under Livslovi. Ein tek daa Live med Hugnad, ja med Takk, daa ein veit, at det med all sin Strid fører oss framyvi. Um der er "Meining i Tilvære" veit me ikkje; men i mitt og ditt Liv er der "Meining": gjennom Strid fører det til Soning og til Ro, so sant me tek det aalvorsamt.

Det som gjer at denne Tidi synest gamal, er Pengesjuken, som er ein Alderdomssjukdom. Vinn me yvi den, kjem gjennom George-Læra den gamle Tanken upp: at Menneskje er det fyste, og at Arbeide er Sæla hans, – so vil det segja, at Ætti vaar, eller det av Ætti vaar som enno hev Ungdom, gjeng inn i ein ny Tidbolck, skaper ei ny Sogu, reiser ein ny Kultur paa den gamle heilt menneskjelege Grunnen.

3.3.07

Nikolai Lundegaard vil gjeva ut eit Aargangsskrift, som skal "arbeide for Radikalisme i (**dvs.** paa) alle Leider" og fysst og fremst for Grunnverde-

skatten (Henry George). Det vert svært lite (2 Kr. Aare). Men eg er glad for at det kjem, og ynskjer at det maa klara seg noko lenger enn eitt Aar. Det skal liksom vera Framhald av det "H e i m s s y n" (!) som hev gjengi "Kjellar" eit Bil i D. 17de, og som ikkje hev set meg noko sers forvitnelegt ut; men under Lundegaard maa det koma seg. Og i Arendal (der L. bur) kann han faa det billeg prenta, so det bør kunna greide seg med faae Tingarar. Det kann vera paa Tidi at eg fær ein litin Heimstad att; so der vil eg vera med, so lengi det no kann vara. "D. 17de", Stakkar, er so leid av meg, at eg i Grunnen alt hev flutt ut av den; eg saag, kor ille Steinsvik (som i si Armod hev vorti vill Kapitalist) vreid seg for kvart Stykke eg skreiv (um eg so ikkje nemnde Henry George dessmeir); sist sette han jamvel "Hale" paa noko so uskyldigt som eit "Brev" um Hardraadesteinen i Oslo. Og han hev tolt meg so lengi no, at eg kjenner sjølv for ein Lette det vil vera for 'n aa verte kvitt meg.

George-Tanken, som vil gjera Bonden (Ættine, Folke) til Jordherre att i Staden for Bank-Jødane (som no meir og meir eig Norig), – den er, saman med det Livssyn som Jesus fraa Nasaret forkynnte, det eg heretter kann vera med paa.

20.3.07

Og det eg les gjer meg modlaus helst. Det er nye Tankar som maa kunna skapa nye Tidir: Henry George; Krapotkin men dette sit eg her og les, ein halv eller snart ein heil Mannsalder etter at det er skrivi; og for meg er det nytt; for flest alle andre er det ikkje til dessmeir, – ser det ut til. Bladi veit ikkje um det; i Møte og Foredrag vert det aldri nemnt; Stortinge er heilt utanfyri ... eg hev ei tung, døyvande Kjenning som av Døyning eller Dvale; me ligg i Banen; me ligg og halvørskar i den siste Herøta; no kjem snart Vaarherre og løyser upp ...

31.3.07

Men ei Samling av mine Skriftir vart ikkje so lett aa faa i Stand. Eller eg maatte hava tvo Samlingar 1) S o g u r (paa Vers og i vanleg Stil); 2) T a n k a r (Land og Folk; Mannaheim og Tru); denne siste Samlingi vart kannhende den digraste, um eg skulde faa med t. D. alt det som eg bryr meg noko um av Bladskrivningi mi. Her kom daa og den Boki med som eg no tenkjer paa (og som saman med "Jesus Messias" vart som eit Utsyn yvi Truomssogo i det heile); sidan kjem eg kann-hende til aa freiste med eit Arbeid yvi Samfunds-læra (historiskt, det med: 1) gamall Skipnad; 2) Millomalder (til og med vaar Tid); 3) det gamle vinn seg fram att paa ny Maate (Sosialisme – Anarkisme – Georgisme).

Men um eg greider det Arbeide (med all den Lesnad det vilde krevja), – det kann eg ikkje vita no.

13.4.07

Meir og meir skynar eg, at for Bonden er berre ei einaste "Riks"-Sak: at George-Læra kann koma til Magt. Daa sat han trygg paa si Jord, og kunde gjeva seg heilt yvi til si sanne Guds-dyrking: Arbeide.

At eg sjølv er Bonde skynar eg ikkje minst av det, at eg er so utanfor det "politiske Live". Er og hev vori. Jamvel i mine stridaste "poli-tiske" Tidir var det burt ifraa Politiken eg vilde: Folke skulde kunna gjeva seg beilt og fritt og trygt yvi i sitt Arbeid og sitt eige Samliv, og det vesle av Styring som turvtest fekk eit Faatal av Embættsmennar greide etter dei Kravi Folke gjenom ei Folkeforsamling, eller helst fleire; det Spursmaale synest elles no paa beste Maate greidd av dansken Johan Pedersen – til kvar Tid sette upp. George – og no Johan Pedersen – er mine Folk, ikkje minst ved det, at dei er den Moses – og Aron – som skal føre Folke ut or det politiske Ægypt og heim til det Kanaan, der kvar bur trygg under sitt Vintre og under sitt Fiketre.

Mot dette vert alt anna inginting. Sjølve det gamle "nationale Spursmaale": kven som skal styre Lande, vert lite; Lands "Styrrar" er Lands Tenar; og det vil vise seg so heilt, naar Folke fær den fulle Retten til Jordi att – og den frie Retten til sitt eigi Maal –, – so heilt vil det vise seg, at det for den Skuld vert det same kven som er Tenarar, naar dei berre kann greide Maale til Husbonden sin: det arbeidande Folke.

18.6.07

Tvo Gjestingar hadde me igaar her paa Labraatan:

1. Trygve Kramer, som er Kaptein, ja Marine-kaptein og endaa George-Mann (hev jamvel skrivi den fyste i Norig utgjevne Bok um Spursmaale: "Grundværdibeskatningen"). Det saag ut til aa vera ein greid Kar; og han hadde Samanheng med alle vaare By-Georgemennar, fraa Viggo Ullmann til ein Flokk Bergensfolk han nemnde; og no var han i Veg og skulde sanke Namn under eit Upprop til Folk um aa faa eit George-Lag upp, – og eit George-Tidsskrift.

Dei norskdanke kjem fyri oss lell. Eg nemnde Lundegaards Tanke um eit (George-)Blad paa norskt; Kramer meinte at det fekk lata seg gjera aa faa eit norskdanst (**dvs.:** med Stykke paa norskt og norskdanst), og so faa Lundegaard til Styrrar av dette. So fær me sjaa um d e t lagar seg.

Band 2

23.8.07

– Der er ei Von, for Folki som for kvar Mann: at Mammon vert – ikkje lenger Einegud. Fleire og fleire Vonir vender seg til Henry George; sjølve den kristianiensiske Socialdemokraten tek til aa slaast mot Henry George. Men det er langt fram; sjølve Engeland vinn ikkje so langt enno paa eit godt Bil; det viser seg no, at fysst lyt det døyve det syrgjelege Overhuse sitt. "Taalmodighed – behøves" . . .

11.9.07

Eg fekk brev i sumar fraa kaptein Kramer, um eg vilde taka paa meg og styra eit tidsskrift for Henry George-laget. Eg svara daa, at eg skulde gjeva ut eit fritt tidsskrift for Studentmaallaget paa landsmaal; men George-laget kunde berre velja det til sitt tidsskrift, so kunde det faa ein serskild bolck i kvart hefte, og der kunde dei George-mennar, som vilde, skriva paa riks; dette trudde eg nok, maallaget vilde gaa med paa. Denne tanken gjekk kaptein Kramer med paa, og eg var svært glad for dette, for med denne skipnaden vilde me ha fenge det meste i George-tidsskriftet paa landsmaal. Og det hadde nok vorte vedteke i George-laget, dette, for daa eg sagde fraa, at eg skulde reisa, svara kaptein Kramer, det var leidt, for no visste dei ikkje, kven dei skulde faa til aa styra tidsskriftet sitt.

Dersom tidsskriftet aat Student-maallaget vert noko av, vil De faa brev um det fraa laget.

Det er leidt, at eg skal reisa, for eg hadde so mange jarn i elden; men eg fær gjera det lell, for elles strekk vel ikkje krefterne til. Eg fekk just brev fraa Koht, um eg vilde taka ved styret av "Syn og segn", naar eg kom heimatt, for daa skulde han utanlands. Eg vilde gjerne det; men kunde De ikkje faa gjort noko for, at "S. o. S." vert eit f r i t t tidsskrift. Som det no er, at ein ikkje maa skriva um politik og religion, vil det aldri koma til aa gaa. Dersom det paa aarsmøtet ivaar i samlaget vart vedteke, at "S. o. S." skulde vera fritt, kunde me slaa ihop det og Student-maallaget sitt; so skulde eg styra det og som George-mann fyrst og fremst arbeida for denne Saki. Denne skipnaden trur eg, er den beste baade for maalsak og jordsak; eit fritt tidsskrift med eit fast program, med desse tvo saker aa arbeida for, det vil samla fleir enn eit, som berre skriv um den eine saki, det arbeider for.

Paa ein maate er eg glad for, at eg skal vera i øgypten. Eg kann daa faa ro paa meg til eit større arbeid. No tek "dei næraste krav" det meste. Eg vil freista paa aa skriva ein vitskap-leg kritik av "Progress and Poverty", syna, at tanken er rett endaa etter den nyaste vitskaplege læra. Samfundsøkonomien hev gjort store fram-steg, som Henry George ikkje fekk sett seg inn i og retta læra si etter. Ei slik bok trur eg vil gjera meir enn berre umsetjingar av George sine bøker.–

Med vyrndnad

Nikolai Lundegaard.

17.9.07

Fraa Nikolai Lundegaard hev eg Brev; han er sjuk – Tuberkular i Nyra! – og skal til øgypti og slikke Sol; vil samstundes skrive ei Utgreiding um Georges Tankar.

Sjukdom, Sjukdom. Snart sagt alle som duger noko, er sjuke og døyr. Kven skal no styre det George-Blade dei tenkjer paa, til Lundegaard vinn heim att, – styrkt, fær me vona?

7.10.07

Og Bonden trur paa det framande meir enn paa seg sjølv.

Ja. Men naar eg kjem med George-Læra, som nettupp vil leggje Lande inn under Folke att, – so er det ingen som mindre vil høyre paa det enn Bøndane. Dei trur heller paa sjølve Socialdemokratie daa.

– Eit George-Lag er komi i Gang; og no skal dei i Veg med eit Blad (paa danskt, sjølv-sagt, eller halvdanskt: "Retfærd" ; kven som skal styre det i den Tidi Lundegaard ligg i Utlande vert ikkje sagt); me fær tru, at d e t kann faa gjort noko.

30.10.07

I Gjærkveld var eg i Xia og var med paa det Møte der Henry George-Lage for Kristiania vart skipa. Det var ikkje mange til Stades i det Rome i Studentersamfunde, der Møte vart haldi; og av dei som var til Stades kjende eg ein: Trygve Kramer, som eg hev set ein Gong fyrr.

Men det saag ut til gode og aalvorsame Folk det som var møtt fram: Sakførarar, Ingeniørar, eit Par Bladmennar, eit Par Ungdomar, eit Par Damur, jamvel ein Prest; Tanken er vel so smaatt aat og fengjer.

Men nokon av mitt Folk saag eg ikkje; ingin Maalmann heller. Det er Vansken ved denne Saki: Bonden kjem seint til aa skyna ho. Kannhende ikkje fyrr det er for seint, **dvs.:** naar flestalle Bønder hev selt Jordi si – eller er drivne fraa Jordi.

Men stride fær ein so lengi ein kann.

10.12.07

Og George-Tanken? Vinn dei han fram i sjølve Engeland, tru? Overhuse er seigt; Pengevelde tviseigt. Og Fyrsteministeren ligg i desse Dagar og døyr; ser det ut til. Naa; kannhende hev han sin Ettermann ferdug; Engelskmennane plar vita kva dei vil. Men. Men. Men! Finst det Raad i Verdi nokon Gong, at Folke kann faa sin Rett mot Herrane? Er det ikkje Fanden som raar? Er Kristendom anna enn ein Draum, – Sanning og Liv berre for den eine utvalde av Ti-Millionen; og han vert krossfest? ? –

14.12.07

Det er George-Tanken som dreg meg og gjev meg Von. Med den skulde eg no arbeide. Og no fær me endeleg – Aare komande – eit lite George-Blad. Men kva kann ein her gjera, naar ein kjenner so lite til

Velstandslære som ein Student fraa Universitas Fredericiana Christianiensis? Og ein Mann paa tri Tjug, laakt underbygd paa alle Leidir, og no dertil med Augo som lite duger, korleis skal han kunna taka att det som her er forsømt? – –

31.12.07

Dei skil meg ut meir og meir alle. Det finst ikkje eit Lag lenger, der eg høyrer til; sjølve "Maalflokken" stengjer meg fraa seg best han kann, og det heile Flokken, den "radikale" so vel som den kristelege. Og det maa so vera. Eg fær vel etterkvart mine heitaste Uvenir der, naar eg no meir og meir lyt taka upp den einaste Tanken eg ser Framvon i – den som endaa skulde kunne hindre Pengevelde i aa gjera Menneskje, Arbeidsmannen, til Træl: den gamle Tanken som George hev reist til Liv att. Og til det vil inkje vera aa segja i dette "Odels"-Land, som hev gløymt Tanken i Odels-Skipnaden.

Og George-Lage er so lite, at det visst ikkje magtar aa faa ut so mykje som eit Blad. So der vert eg "aaleine" nok for mi Tid.

25.1.08

For eit Par Dagar sidan "tala" eg (um George-læra) i Student-Maallage; det er gildt aa sjaa, at den Tanken arbeider seg fram. Me hev og no fengi det fyste vesle Hefte av det fyste, vesle norske George-Tidsskrifte ("Retfærd"); det ser godt ut. Kramer er visst i det heile ein baade klaar og klok og greid Kar; i Ordskifte i Studentlage var han med, og det han sagde lærde eg av. Advokat Solnørdal var og med; eg laut gaa fyrr han kom med i Ordskifte; men eg rødde litegrand med han og hev lagt Merke til han fyrr; det er ein stillfarande men stø kar, som ein visst kann vente seg godt Arbeid av; norsk er han og, som vel er.

Det vert George-Tanken ein fær "tru paa" no; han gjev Rom og Rett og bergar dertil Fridomen. At han smaatt um senn tek til aa arbeide seg inn, det ser eg mill. a. av eit lite Arbeid um "Kommunal Grunnskatt" som Borgarmeistar Berner hev gjevi ut. Han fylgjer med, den Mannen, og held betre ut enn eg, sant aa segja, hadde venta. Kommunal Grunnskatt er eit fyste Stig, som dei fleire og fleire Stadir tek til aa vaage; me skulde daa og no til aa freiste so smaatt.

– Men um Norig kann vinne seg upp or det Hav av Skuld det hev søkt seg ned i; um denne gamle danske Provinsen i det heile kann avle fram Landsstyrarar . . . Me fær sjaa. –

6.2.08

– Um eit Par Vikur skal eg til Drammen og preike Henry George. Her i Norig b u r d e han kunna koma upp. Og han h e v funni att den gamle Grunnen, den som ein skulde kunna byggje trygt paa Dersom Lande ikkje vert lagt under Mammons Hjul fyrr me kann vinne so langt. –

– Vinstre synest vilja taka seg upp att. Det er godt aa sjaa, at Folk ikkje gjev reint upp; og vil Vinstre fram, paa ikkje-sosialdemokratisk Veg – den fører ikkje heilt fram, um so "Revolutionen" kom –, so maa det fyrr eller sidan same Vegen som det engelske Folkepartie.

– Amtmann Ullmann hev sagt fraa seg Formannsposten i George-Lage, som vel er. Og Heradsstyre i Rauland hev ikkje selt sin Rett for 500 Dalar, som endaa betre er. Men "Fri Presse" er selt til Pengevelde, – um det kunde hjelpe til aa skræme Folk?

9.2.08

– Til "Land"-brukshøgskulen paa Aas skal eg og av no og preike Henry George; betre Prestar maa vel snart koma etter. –

Tri Talur fær eg faa laga etterkvart, til aa fara ikringum i Ungdomslagi med: (1. George;) 2. den nye (jytske) Valmaaten; 3. Maalformi; dei Emni fær eg bala med, so lengi det elles er nokon som vil høyre paa meg.

<fnote ind="1"> Garborg tala sjølv alltid norskdansk heime. Berre når han var ilag med Jærbuar eller andre norsktalande gleid han over i Jærbumålet sitt. H. G

21.2.08

Igaar var eg paa Aas – "Land"-brukshøgskulen – og heldt "Foredrag" um George. Det var Folk nok for meg; men eg trur ikkje "Land"-brukshøgskulen brydde seg noko vidare um George-Tanken. – Sundag skal eg til Drammen.

19.3.08

Vinstrestyre. Som med eller mot sin Vilje vert meir og meir statssocialistisk. Me tek til aa "koma med i Kulturen" no; med i Sjøgangen Kapital–Arbeid.

Og i den kjem me til aa baske, til dess me lærer den gamle Sanningi som George sette upp. Og me er – etter ein Tanke som alt er komin fram i Tinge om Skatt paa sers verdefull Jord – so smaatt paa Vegen. Er me Liv lagi, so vil Pengevelde rett snart lære oss, at det gjeld aa finne Raad mot Uraad. Dei Folki som gjennomfører det gamle Visdomsbød : du skal elske din Næste som deg sjølv, vil berge seg gjennom Sjøgangen inn i trygt Farvatn.

13.5.08

Eit Freds-Arbeid til aa tru paa kjem ikkje fyrr George-Tanken er gjennomford, slo alle Folk kann faa Jord og Liveveg heime. Haag-Møte og Freds-Nemndir kann berre lære Folk aa skyna Freds-Tanken; men um det berre er eit Fyri-Arbeid, so maa vel det au til.

22.5.08

– Eg strævar so smaatt med "Heimkomin Son", naar eg hev ei Stund. Jens Eide er tvilande og utrygg og vert meir og meir meg sjølv; Paal Haave er kristin og bygdenational og tek Verdi som ho kjem, slær seg til Ro med aa koma til Heimegarden att (gjenom ein Systerson) og med aa gjeva Keisaren det som høyrer Keisaren til, likesæl um det er Rom-Keisaren eller Russe-Keisaren. Men den Bondevoni som Henry George hev reist, maa eg sjaa aa faa med; det gjeld berre um eg kann finne ei rimeleg Form for det.

Men aa faa dette gamle adelsdraum-ridne Folke til aa høyre paa Henry George? Eg trøyster meg eit Grand med Syskenbarne mitt, han Per Tallaksson Raugstad; kann slik ein Jærbu koma med, so – –. (Han hadde høyrte Ullmann tala um dette, fortalde han, og ynskte at det "kunde verta nogo av det.") Og i alle Tilfelle: den Voni ein hev fær ein halde paa.

– I Engeland kjem det vel til aa gaa endaa tyngre med George-Tanken no, daa Campbell-Bannermann er burte. Det er i det heile ei Nedgangstid; ikkje ein stor Mann i noko Land, berre store Pengehaugar og stor Naud, Ihel-Eting og Ihel-Svelting; sjølv Roosevelt, – naa, stor, men ikkje stor nok er det likevel Japan og Kina som skal skapa Framtidi?

20.12.08

Eit Vinstreblad i ein Smaalensby hev bedi meg skrive nokre Ord um George-Tanken; Vinstre det, nede vil freiste aa taka den Tanken upp.

Det kunde vera paa Tidi. Eg hev sendt ein litin Stubb, og dertil – i Privatbrev – sagt, at Vinstre bør taka upp George no, um det vil klara seg mot Sosialistane. Mett um Blade- vaagar aa taka upp Stykke mitt – so spakt som det er –, naa; me fær sjaa daa.

I alle Tilfelle er det godt, at Tanken vaknar. Og no, daa "Samplings"-Skodda blæs burt, bør der kunna bli – ein litin George-flokk, um ikkje anna, i Stortinge

31.12.08

cccAlle **Samfundsfrelsarar stend raadlause**. So lengi dei er Faatal dømer dei strengt og lovar godt; men fær dei Magti, kann dei inkje gjera. Georg-istane skal ha fengi god Skikk paa eit og anna Nybyggjar-Samfund ned-i Australia; men naar desse Samfund veks til? ? – Den kloke Jyden og Sakføraren Johan Pedersen – som sjølv er George-Mann paa ei Vis – segjer, at George-Skipnaden kann føre til verre Urett enn den som nokon Gong fyrr hev vori uppe; han meiner vel, at Herre-(Røvar-)Naturane kann taka seg Magt yvi Verdsetnaden av Jordi og dermed meir enn fyrr leggje ho under seg.

Me trur i det lengste at det maa finnast ei Raad til aa faa stengt Ormen ute or Paradis. Men desse Frelsar-Tankane som vaknar fraa Tid til Tid – er det kannhende berre liksom Morfin-Drøpar, som den sjuke fær til aa lindre Verken med? Og kvar Revolusjon kann vera um Lag som naar Sjukingen fær vendt seg i Sengi so ender og daa: det kjennest betre med

same; men snart maa han snu paa seg att? – Soleis ligg daa øtti og vender og vrid seg; og kvar Vending kallar ho eit Framstìg; men det er berre det same og det same upp att; smaae Kvilestundir millom harde Pinslur; og det einaste som gjeng fram er den Sjukdomen som sistpaa skal leggje ho i Gravi?

Naa. Um so var: det er godt alt som kann lindre. Det er Hjelp berre i den Ting aa kunna t r u paa betre Dagar.; og naar den Trui sviktar, so maa Folk tru paa betre Dagar i ein annan Heim; me fær nok enno i lange Tidir vera glade til at Folke hev Kyrkja aa trøyste seg til. –

– So er det ein ny Sving rundt um Soli daa; Farvel, 1908!

10.1.09

– Fraa politiske Møte ser eg, at George-Tanken so smaatt held paa aa arbeide seg inn.

Samstundes arbeider Sosialdemokratie. Desse tvo Magtine kjem til aa drive kvarandre fram-yvi; og sistpaa lagar det seg vel. Meir og meir ubrukeleg vert den gamle Skipnaden; fleire og fleire gjeng arbeidslause i Storbyane, og meir og meir utrygt vert Live all Stad; det vert mindre og mindre Ro til aa sove. –

12.1.09

Møte paa Gjøvik. George-Tanken var framme, og er komin med i Programme au, litegrand; um det syng Aftp. upp, i den glade Tru at slikt maa skræme alle Austlandsbøndar. Og det kann vel hende.

Pengemennane gled seg i Panteskuldi; gjenom den er det dei som hev Magti, yvi Jordi som yvi Arbeide. Og Magti raar.

Sosialdemokratie veks. Men Pengemagti ræddast ikkje større for det heller lenger. Ho veit, at etter Fela med Sylvstrengine lyt Arbeidaren alltid til Slutt danse. Og noko Magtmisbruk tarv Pengeherrane ikkje fæle fyri. Det er dei som raader yvi Krigsmagti; knip det, so er det berre aa skjote ned; i det heile lærer dei av Russen i denne Tid, at det gjeld berre um aa bruka Kniven – –.

Vert dette Røvarhide til ein Mannheim nokon Gong, skal tru?

3.4.09

Danskane er glupe. Sosialdemokratie er der alt komi so langt at det fær freiste seg; er Herrar yvi Kaupenhamn, og vil vel snart ha vist kor mykje det vinn; økonomisk peikar det helst den galne Vegen med det. Attaat er Henry George-Tanken sterkt uppe. Fekk dei no Samstyre, so kunde dei ymse Samfundstankane møtast, og gjenom Ordskifte og Samfreistingar koma til Lags, so Lande utan Umveltingar kunde koma inn paa rimeleg Framgangsveg.

Me norske er enno Vikingar; me vil slaast. Eg er den einaste som eit Par Gongir hev nemnt Samstyre-Tanken her; han naar ikkje fram til Folk; del vert ikkje so mykje som sinna. Me kjem ikkje med paa anna

enn slikt som gjev Braak og Krig, – daa visst ikkje i denne Mannsalderen.

Men av det som gjev Braak og Krig hev me nok. No er det Maalstriden som set Lande meir og meir i Loge; det er vel den som fysst maa bli avgjord. Og so arbeider Sosialdemokratie seg fram smaatt um Senn; det er det som kjem til aa halde Liv i Samfundsspursmaali no ut-etter. So det vert god Tid til aa stelle baade med Johan Pedersen og Henry George.

9.4.09

– Men um ein kunde naa so langt som til The United States of the World?

– Ikkje det heller vilde sløkkje alle Sorgir, etter som ein annan i same Hefte trur. **cccMe er ikkje so ferduge med Malthus som Georgistane meiner.** Folke veks snøggare enn Matmengdi; gode Tidir aukar Tale paa Munnar, so Matnaudi fyrr eller sidan kjem. Det vert aa velja millom tvo vonde Ting: **Malthusianisme eller Yvi-folking.** Og daa er Yvifolking det minst vonde. For Malthusianismen er Dauden beintfram, som ein meir og meir lærer av Frankrike.

26.4.09

– Med meg er det som fyrr. Dei siste Par Dagane er gjengne med ein "George"-Artikel mot Steinsvik (som fyller vaar arme Maal-Literatur med "Kapitalisme"); og no, daa eg ikkje veit noko anna aa taka meg til – Vaarvinna kjem ikkje paa dei fyrste 14 Dagar, um Soli er aldri so blank og varm –, fær eg freiste aa setja illeg noko meir inn i George: til no hev eg vel mykje livt paa berre Grunntanken.

I brev til Hulda 1.5.09

– Ude af Stand til at "finde paa noget" holder jeg paa at pløje Henry George; maa faa helt Tag paa den Mand. En flink Danske har forresten nu fremstillet hans Samfundsøkonomi i en liden knap og grei Bok til Kr. 1,75; den faar jeg koste paa mig, desformedelst at George naturligvis har skrevet ud fra amerikansk-engelske Forudsætninger, som i mangt er forskjellig fra vore. Forbandet ærgerligt er det jo, at man bestandig skal komme ind paa Ting som ikke lønner sig; men naar Vorherre har skapt en slik, saa er det vel ikke noe Raad med det.

11.5.07

I det heile: Verdi vaar fær Gamalmanns-lage. Det er berre sine Pengar ho bryr seg um; det einaste Spursmaale vert: korleis Samfunde skal gøyme og tryggje sine Pengar. At det sumlar si Eign burt med alt dette Tryggjingsstræv, det gaar det ikkje til; Verdi er so gamal at ho gjeng i Barndøme.

For 25 Aar sidan spaadde Henry George: kann ikkje Verdi bøygge seg inn att under si gamle Velstandslov, so vil Domen snart vera

fallin; og han nemner mangt, som peikar paa den Leid. Verdi høyrde ikkje paa den Profeten meir enn paa dei gamle; men det var alltid so: di mindre ho høyrde, di nærare var Domedag.

15.5.09

Steinsvik hev svara paa det siste George-Stykke mitt i D. 17de; han er grettin; eg fér med so mykje Snakk; segjer han. Eg er glad for Svare, um det ikkje inneheld stort (det er elles Merkt "I", – um det kann vera Meiningi at han vil halde fram); det vil gjeva meg Tilføre til aa taka upp att eitt og anna. Men so lyt det vera Slutt for i Aar; Val-Preikune hev alt teki til upp-yvi Lande.

26.5.09

ccc For meg vert **Profeten fraa Nasaret meir og meir Føraren**. Kvar maa gjennomføre "Gudsrike" i sitt eigi Liv; men til aa halde uppe Mode, særleg hjaa dei unge, **trenst Trui paa ei komande Ijos Framtid, eit "Gudsrike paa Jordi"**. Og betre Tidir vil – eller daa visst kann – koma. Men kor som gjeng – Sosialdemokratie ender vel i eit nytt Cæsardøme? Eller um George-Tanken vinn tru han vinn fyrr Pengeherrane hev fengi snutt han til etter sine Hovud? Etter "Land Values" hev ein engelsk George-Mann alt paavist, at George-Skipnaden vil bli ikkje minst til Bate for Pengemennane – kor som gjeng vil nye Tilstand skapa nye Krav; den gamle Folkedraumen um eit Gudsrike vert aldri soleis "sanndrøymd" at alt vert "Fred og Ro", d. e. Stillstand; med all Framgang vert det alltid Spursmaal aa svara paa. Men det som alltid og under alle Vilkaar er visst er, at den vinn Fred som hev "Gudsrike innantil i seg" ; dei fatige e r sæle, som Paal Høve hev lært. D. v. s. dei fatige som hev Arbeid; serleg dei som hev Jord aa arbeide paa. Og so langt maa ein vel – heretter som fyrr – kunna koma?

Knudaheio 5.10.09

Og det som gjer meg serskilt godt: eg raakar ein og annan Ungdom som hev lesi – og tenkt paa – det vesle eg hev skrivi um George-Saki. Det maa vera so likevel; fleire og fleire ser med Uro paa det veksande Pengevelde. – Gjev Millomklassuna kunde samle seg fyrr det var for seint!

31.10.09

Fraa Bokhandlar Nils Sund i Haugesund (greid og vitug Kar) fekk eg her um Dagen Telegram, at Ordføraren der burte, ccc**Valentinsen, er vald til Tings; det er det einaste Vale eg er glad fyri av dei eg enno veit um. Valentinsen fekk eg helse paa; han er George-Mann, og visst den fysste norske (var i Amerika daa "Progress and Poverty" kom; vart tekin av Tanken med ein Gong og hev sidan haldi ut, og arbeidt mykje for Jordskatt-Skipnaden der burte;** eg raaka daa og fleire George-Mennar i Haugesund). Det hev mykje paa seg at det kjem ein og annan George-Mann til Tings no, daa Sosialismen veks og Bonden mindre og mindre skynar kva eller kven han skal halde seg til; og Valentinsen er ein klok og

klaar og stød Kar, som kann koma til aa rettleide mang ein Bonde um det som no maa vera Framgangsvegen, um det ikkje skal gaa med den norske Bonden som det hev gjengi med den engelske.

27.12.09

– Krapotkin sluttar Boki si med modige Ord um komande Umstøytar som skal greide det betre enn den i 1789; han tek i Mist. Med Kniven vil Folket alle Dagar koma til kort; med Kniven kann ein berre vekkje den Villmannskapen som elles halvsøv. Der er berre ei Von: George-Tanken. Den treng ikkje Kniv; den arbeider seg fram smaat um Senn paa Tankeveg; sjølve den engelske Overvillmannskapen – i Lord-huse – vaagar berre aa fikte imot den Tanken med sine Gull-Skillingar i ein Val-Strid no.

Band 3

9.2.10

– I Dag kjem bladi med det Bøde at Hans Jæger er daain.

Det var vel best so. Han høvde so lite inn i Verdi. Var heilare, sannare, betre enn den; serleg her uppaa vaar Husmannsplass fanst det ikkje Rom for han: han hev vori glad ved aa faa kvile.

Best hugsar eg han fraa Andre-Eksamens-Tidi, daa han dreiv paa med Filosofi. Eit klaart H o v u d var han, med Tenkjar Glede og Tenkjar Mod; men her var ikkje Rettleiding aa faa; korkje Monrad eller Lyng kunde svara paa eit einaste Spursmaal fraa ei fritt granskande Aand; det einaste av Filosofi Jæger hev skrivi er eit Stykke um Kants Fornuftkritik som han gav ut saman med Gunnar Heibergs "S o i r é e d a n s a n t e". Etter den Tid kom eg meir ifraa han, um me elles raakast ender og daa, i Studentersamfunds-kaféen eller paa "andre Buler". Han var alltid sin same: klaar, greid, modig; heil Livsrett og heil Tankerett kravde han, og meir og meir Vanvyrndad fekk han for den "Idioti", alt det "Dill", som Folk livde paa og Samfunde heldt uppe.

Kvendeglad hadde han alltid vori; Elskhugen var Live for han liksom Tanken var Ljose; og daa me den Gongen ikkje hadde lært aa tenkje Samfunds-Tankar – Samfunde var noko Dill, som ein Akademikus ikkje kunde bry seg um –, so vart Fyrelogo for honom aa faa gjort "Kjærleiken fri" i det gamle Samfunde. Og me gjekk med paa det alle i den Tid, – me som vilde vera radikale. Men Hans Jæger vilde vera det heilt: han skreiv "Fra Kristiania-BohÍmen" – og fekk taka Fylgdine. Modigt og rolegt tok han deim; "skreik upp" for sine Tankar naar Høve var, og sat i Arrest naar so maatte vera – hadde det elles rett godt upp-i "Møllergata 19", der eg ein Gong var uppe og helsa paa 'n –; sidan var han mykje i Paris, og var fraa no av heilt utanfor mine Vegar. – Til dess han gav ut den store cccBoki si um Anarkismen; den sende han meg, og eg arbeidde meg igjennom ho; men eg kjende at eg maatte arbeide meg igjennom ho ein Gong til, skulde eg faa Tak paa ho, – og det hev eg enno ikkje fengi Tid

til. Ho var so svær, Boki, og eg var alt komin inn-paa George. Og kjende paa meg, at den praktiske Amerikanaren viste den Vegen som me fysst fekk sjaa aa koma inn paa.

8. 8. 10.

Hev havt Brev fraa Johan Hansson i Filipstad (Utgjevar av "Budkavlen" ; Førar for dei svenske Georgistane; i Samarbeid med Jyden Johan Pedersen): han bed meg med paa eit Georgist-Stemme i Stockholm 16-18 Septbr. Eg kunde hava god Hug; men baade eitt og hitt er i Vegen, so eg hev loti sende Nei-Svar.

Johan Pedersen skriv og vil hava meg til aa arbeide for "Kvalitetsvalget" ; det vilde eg gjerne; det er ein Tanke som eg set store Vonir til: ein Valmaate som kunde gjera "Folkerepræsentasjonane" til Sanning – so mykje Sanning som Raad er, naar me ikkje kann taka upp att den gamle Maaten, daa kvar Mann møtte og røysta paa sitt Bygdeting. Det eg kann gjera vil eg gjera au: skrive; kannhende faa i Stand ein "Fyrilesnad". Men her i Lande er det "langt fram" med alt i denne Tid, og eg fær syrgjeleg lite gjort – kjem ingin Veg; tek vel til aa eldast –; ei ung Kraft maatte til, um det skulde kunna bli noko av no; Johan Pedersen vert ikkje fornøgd, men her er ingi Raad; me fær vente paa den komande Messias.

8.9.10

– Fraa "D. 17de" fær eg Maalstykke att; og vil eg skrive um Samfundsspursmaal (George-Tanken) eller berre um noko so kvardags-politisk som Val-maaten (Joh. Pedersen), – so veit eg ikkje kvar eg skal faa det inn. Eg trøyster meg med, at eg maa vera ung enno, naar eg inginstad høver. – Naa-ja, det skulde vera i George-Lage; men um det liver eller er daudt veit ikkje eg; ccc"Rettferd" hev eg kje set paa den Tid eg kann minnast. – Eg trur eg vil freiste "Socialdemokraten" med det um "fritt Valg".

– Eg er snart ferdug med den nye Veita so ferdug som eg kann bli i Aar. So gjeld det aa faa sett "Skogen" min; men med det duger det vel ikkje aa taka til fyrr i neste Maanad.

Gjev Fin-Víre kunde halde seg!

14.9.10

I det politiske er der for meg ikkje anna aa gjera enn aa freiste aa slaa til Ljod for den nye danske Val-tanken; men alle politiske Førarar skynar at den Tanken er som St. Olavsklubba i Hovude paa Tor for deim; dei vil tegja og riste paa Hovude, og alt Folke vil i lange Tidir segla: det er noko Tull. Like eins vil det ei god Stund gaa med den økonomiske Framtidstanken (George-Tanken), som er mi Framvon; men ender og daa fær eg segja eit Ord likevel, til Hjelp, kannhende, for den Ungdomen som veks til, og som ikkje maa faa slaa seg til i den Tru at den einaste

Framvon er Cæsarismen. Og det Spursmaale eg stridde mest og lengst med: ccc det um "Trui", det er eg longe sidan ferdug med, – som vel er paa slik Vis, at eg ikkje vert rekna heilt med i nokor Kyrkje, – og daa visst minst i "Fritenkjar"-Kyrkja.

2.10.10

– Det er no avgjort, at eg skal halde Fyrilesning i "Teol. Forening". Emne uavgjort. (Norskt Kyrkjemaal – og Skulemaal? Eigne Røynslur? – Konows Sak (med Framstilling av Pauluskyrkja motsett Jesu Tanke; naar K. vert standande i Rikskyrkja er han uklaar her?).

ccc Daa eg dertil skal preike um George i "Statsøkonomiske Studenters Forening", – so hev eg for det fyste Arbeid nok der inne –
attaat
Homer.

22.11.10

– Det ser ut til at eg skal bli Talar paa mine gamle Dagar (Fyrilesar); her ein Kveld tala eg i "Teologisk Forening" um "Kyrkja og Borgarsamfunde" (Fyrilesnaden kjem kannhende i "Samtiden"); 1ste Decbr. skal eg ut i "Statsøkonomiske Studenters Forening" (med Spursmaale George).

3. 12. 10.

ccc Med snaude Naudi vart eg ferdug – noko-so-nær – med Fyrilesnaden um George; den heldt eg daa for ei rett stor Samling **socialøkonomiske Studentar i Veslesalen i Stud.-samf.**; etterpaa eit Grand Ordskifte; alle desse Aschehoug-Sveinane var sjølv sagt imot. Men etterpaa raaka eg eit Par av dei yngste; dei hadde fylgt betre med i det eg sagde enn dei som eldre og visare skulde vera, – kunde eg forstaa.

I Kveld ber det til Brevik, og i Morgo til Bamle.–

2.1.11

– Serleg mot George-Tanken arbeider alle Maalblad; ikkje eitt av desse "Bondebladi" hev ein Draum um at det gjeld aa berge Jordi for Bonden, so han ikkje skal bli meir og meir Banktræl. Her er ikkje anna aa gjera enn aa taka det med Ro, segja eit Ord naar det so kann falle, og trøyste seg med, at um Aalmenn-Heilen er tung og Aalmenn-Tanken sein, so er Aalmenn-Live – so langt at alt endaa kann rette seg. I Selen att!

1. 3. 11.

ccc I **Studentersamfunde** gjekk det betre enn eg hadde venta; det vart som ein litin Fest. Men det kjem til aa gaa smaatt med all denne Framanddomen. –

26/2 var eg i Høvik; preika um Tolstoi i "Arbeiderakademie". Skulestogo var godt og vel full, og det kjendest for meg som Folk (ikkje so lite Arbeidarar visst) fylgde godt med.

– No 4/3 skal eg til Heidmorki; – ein rein Preikehest vert eg.

I Dag sende "D. 17de" meg 25 Kr. i Honorar – Honorar for fyste Gongen paa mange lange Aar; gjev eg no so sant kunde lite paa, at Blade hev Raad til det! – og R. S. hev slegi paa, at no kunde eg skrive meir, – berre ikkje um George og slikt faarlegt. Hm; vert ikkje greidt; for han driv paa og skriv imot George. – Det fær i det høgste bli eitt og anna, naar det eikorleis "er noko".

22.3.11

– Eg arbeider med mine "Fyrilesningar".

Det vert ei lita Rekkje no etterkvart: "Vaar nasjonale Strid", "D. fr. Revolusjonen", "Henry George", "Leo Tolstoi", "Fritt Val" (nytt) o. a.; og trøytmar eg ikkje for snart, so vert det vel fleire. Det kunde bli eit lite halvt Band til Slutt i mi "Prosaskrift-Samling"?

Ei slik maa eg vel tenkje paa etterkvart, skal eg greie meg. Det fekk bli eit Band Politikk (fraa Fedraheims- og 17de Mai-Tidine) o. a. smaatt, eit Band boklege Stubbar og Livsskildringar o. dl., og sistpaa "Ymist" og Fyrilesningar.

Kannahende kunde "Jesus Messias" koma med i dette siste Bande. Den vil eg daa gjera um (med ein serskild og større Bolk Utleggjingar av Evangelie). **Eg gjeng alt og drøymmer um aa bli Jesusforkynnar for Jærbuen (han kunde trengje til noko slikt); og naar eg hadde arbeidt med det ei Stund, so kunde eg faa i Stand Utleggjingsbolken aat Messiasboki.** – Slik ei Samling paa 3 Band kunde bli ei god "Hjelp til Alderdomen", maa eg tru; og rette Tidi vilde vel bli um so ei **6–8** Aar fraa no av. Eller um eg berre skulde gjera Boki ferdug – og det maatte bli gjort no snart, dersom Spaadomen um 1911 skulde bli oppfylt! – og so lata ho liggje til eg er vel "her ifraa"? – det var kannahende det klokaste.

8. 5. 11.

6te Aas; 7de Fredriksstad – Fyrilesnad um Samfunds Vilkaar og Samfunds Vonir (George). Paa Aas i Elevlage; i Fredriksstad i Vinstrelage (for Aalmenta: Heire av Høgre hadde møtt upp, vart det sagt). Fleire gilde Karar der nede.

23.5.11

– Eg sit og strævar med den nye Preika mi (um "fritt Val") til Telemarksferdi. Samstundes gjeng eg og ventar paa aa faa høyre fraa det Blade i Fredriksstad som vilde prente George-Foredrage mitt. Eg vert snart uroleg; skulde det vera komi burt, so fær eg eit langt og vanskelegt Arbeid upp att. – Og so at dei ikkje so mykje som skriv! – Det

er "norskt".

29.5.11

Um Land Values in Parliament er der ymist forvitnelegt; Riksstyre – som skulde vera Georgeistiskt? hev elles i det seinste ställt seg so at det i sume Tilfelle hev fengi Georgeistane imot seg. Sjølve Lloyd George's "famous Budget" fær streng Avdøming fraa Georgistisk Side.

Mykje, mykje kunde ein skrive berre ut ifraa det som her er lagt fram, dersom me hadde eit Blad aat slikt, eller Folk som kunde lesa det. Men me ligg utanfor Verdi, me norske; dei læt seg telja paa Fingrane dei Nordmennane som kann fylgje med i økonomiske Spursmaal. Altfor lite er eg inne i deim sjølv.

Ei "Trøyst" er det elles aa sjaa, at den store Mengd i det økonomi-kloke Engelland ikkje kann vera stort vitugare enn Folk flest her, naar det bér til Stykke. Me maa daa vel kunna "koma etter", me med, naar so langt lid, **dvs.** naar dei andre er framkomne. –

7. 6. 11.

I Kvitsunhelgi var eg paa Fagernes i Valdris (hjaa Høgskulestyrar Bo paa eit Maalmøte). Fagert der uppe. Og mykje som peikar godt i Veg. Ein gamall Valdrisbonde raaka eg som var George-Mann.

I Morgo til Telemarki, der eg skal preike Politik ("fritt Val") i 14 Dagar. Og so til Nordland (Mosjøen). Derifraa ber det vel til Jærs.

26.7.11

– I Bladi er der ikkje stort. Tinge sît i det endelanse og gjer lite anna enn Ugagn; Vinstre, eller kva ein skal kalle deim, er storglade naar det Ikkje i alle Maatar gjeng full-gali. – Det einaste eg bryr meg um er George-bladi; det gjeng smaatt og jamt fram-yvi, i Australia, Amerika, Engelland, Danmark, Sverig, Tyskland, peikar jamvel so halvt paa rett Leid i Spania, endaa Tilstandi der er nok mest raadlause.

I Norig er det stilt. Men ein Gjesdøl som saag innum her i Dag, rødde um at her paa Jæren veks Gjeldi stygt; og i Gjesdalssockni er det so, at Bonden berre ynskjer aa faa selja.

Men kven skulde høyre paa Bonden her no?

8.8.11

– I Dag hev eg greidt Brevposten min for siste Vika. Det vert mindre og mindre Brevskrivning, som vel er; Henry George bergar meg for alle Lag, og Profeten fraa Nasaret hjelper til; no kann eg visst heilt slaa meg paa Odyssevs. Bladi er au rædde meg; sjølve "D. 17de" stengjest vel heilt for meg snart; det vert daa berre stakkars vesle "Retfærd" att, – og det kann ikkje bruka stort av Maale mitt; eg vil snart vera fullfri.

Knhb. 23. 8. 11.

– Den merkelege amerikanske Millionær-jøden, som paa sine gamle Dagar sonar for sine Kapitalistsyndir med aa drive Georgistisk "Kristendom", – han hev teki til aa tenkje paa Norig au no, liksom han arbeider i andre Land, Danmark og Sverig ikkje minst; vil tala i Xania so snart det læt seg gjera, – i Haust helst. Han hev sett seg i Samanheng med nokre av vaare faae Georgistar, millom deim meg; skriv, sender nokre amerikanske og engelsk-australske Georgistblad, og "trust", at eg "will co-operate with" dei norske Georgistane han nemner "in getting an organisation together for Norway". – Det vil eg nok, ja; men – – –

Det er den svenske Økonomisten Johan Hansson – ein framifraa dugande Kar etter alt eg kann sjaa –, som han hev raadført seg med i Saki; fraa honom hev eg daa au Brev, mill. a. med Innbjoding til "Ekonomiska frihetsförbunnets" Haustmøte i Stockholm (der han vil hava meg til aa preike um Kvalitetsvale). Greidt vert det ikkje for meg dette (serleg aa koma avstad so snart: dei fysste Dagane i Oktbr.); og alt som i meg er av Latskap vrid seg; Raad hev eg ikkje heller; men – der ser ikkje ut til aa vera nokon annan (og meir praktisk) Mann aa faa Tak i no, og naar Framande vil hjelpe oss, so bør det daa ikkje staa paa ein Nordmann; – eg hev svara og sagt at eg kjem til Stockholm. Det vil eg sjølv hava baade godt av og Moro av; eg kann dessutan faa fortelja eitt og anna um Vilkaari her. og faa betre Greie paa dei svenske Tilstand; men . . . berre aa "ferda meg" til den Ferdi –

Det fysste eg veit aa gjera er aa taka ei Ferd til – Haugesund. Der er ein litin Georgistflokk eg kjenner, mill. a. ein Tingmann (Valentinsen); han hev i unge Aar vori i Amerika (der han vart Georgemann), og han kunde daa kannhende vera god aa hava, naar Mr. Fels kjem. Eller han kunde vita andre aa sende i Veg; han er i det heile ein av vaare eldste; kjenner dessutan Storting og politiske Storleikar betre enn eg, – um det kunde vera fleire Figurar eller Namn aa faa Tak paa. Fire – seks Augo ser alltid betre enn tvo, fær ein tru! –

– Laurdag–Maandag v a r gjorde eg ei gild Ferd: fraa Thu (saman med Ola Mossige) til "Figgen" og Aalgaard (?). Der raaka eg mykje gildt Folk – Mossigefolk og annan jærsk Adel; dertil ymist Sandnes-jærsk Forretningsfolk, serleg Driftsherren paa Aalgør(?), Nilsen; og Fabrikane sjølve, – det er det reine Eventyr aa sjaa. Sjølvstyrde ("automatiske") Maskinar, som arbeider som der var "Aand i Hjuli", med litegrand Tilsyn ender og daa; – du all Verdi! som ein vanleg boklærd vert arm og inginting, naar han stend framfor slik Trolldom! Karding, Spinning, Spoling, Veving, Klypping og Sauming i Lassevis for Timen, som heile Verdi skulde bli klædd; det var berre Klyppe- og Saumemaskinane som turvte fast Folkehjelp. Mannen vert meir og meir Gud: byd Naturmagtine arbeide og gjeng sjølv og ser paa; byd, og so stend det der; eg gjekk heile Tidi og tenkte: kann han no berre faa Skikk paa sin Samfundsøkonomi, – so kann Live bli heilt ut livande. Driftsherren hev au bygt ein Arbeidarby – hyggjelege Smaahus og eit Stykkje Jord til kvart Hus –, som syntest den livandegjorde Framtids-

draum. Enno vantar berre dei (Georgistiske) Jordlovine, som skal kunna gjera Skipnaden paa Aalgaard til ein aalmenn Skipnad.

Knhb. 24. 8. 11.

cccI Gaarkveld las eg "The Public", "The Standard" og andre George-blad (fraa Australia, Amerika, Engelland); dei driv paa med Bøde um aa elske Næsten som seg sjølv; sjølve Jøden Joseph Fels driv paa av all Magt og gjer denne Jesu Kristindom til Liv; men det kristelege Samnøyte? Serleg her uppe i dette kav-, dette sjukt "kristelege" Norig? So raadlaust som det her er berre aa faa a r b e i d e for Brortanken! Det kav kristelege norske Folke hev enno ingin Draum um kva Kristindom er; det fylgjer blindt den store Antikrist som kallar seg Kyrkja.

Og Kyrkja hev Paulus bygt. Han kom ingin Veg mot Jesus so lenge han var den ærlege Saulus som bruka Vaabønir og Kniv; men so med ein Gong saag han kva han skulde gjera: han umvende seg. Og forkynnte sine Tankar i Jesu Namn; narra desse skikkelege Galilæarane til aa tru, at det var Jesu Sak han førde.

Daa gjekk det. Og i Staden for Jesu Bød: du skal gjera det gode, liva som ein Bror millom Brørar, fekk me – det frelsande Storblote paa Golgatha. Dermed kunde me hata vaar Næste som me hadde gjort! det var berre aa smyrja seg med det heilage Offerblode; so var me like reine.

Det var eit Framstig, Men 2000 Aar etter stend me paa denne Flekken. Det gjeng ikkje fort. Naa; Herregud; me hev Tid aa vente. Um Folk t. D. svelt, so svelt dei ikkje meir enn ihel; og døy skal me alle. Men me, som vil l i v a fyrst, me gjer Brørane vaare til Trælar, – og vaskar oss reine i Blodstraumen fraa Golgatha.

5.9.11

Posten forde meg (1) Innbjoding til Slottsgilde, Soupé eller Bal eller kva det var; – og (2) Brevkort fraa eit nytt Namn: N. Lieng; han kallar meg "høgvyrde Landsmann" og er George'ist; synest vilja taka Førarskapen her (som vel var, um han duger til det); bed meg med til eit Georgistmøte i Xia ikr. 24de d. M. saman med den danske Georgistføraren Sophus Berthelsen; der vilde eg gjerne vera med. Men bakvendt skal det vera; kann eg bli ferdug her so snart at eg naar Xia 2dre eller 3die Oktbr., so er det Hæddi.

Godt at det tek til aa livna att med den Saki; kannhende er det au godt at dei fær ein Danske med (og det ein som er heilt inne i Saki); me sjølvstendige Nordmennar høyrer helst paa Utlendingar.

Same Berthelsen hev gjenom Torp Hansen spurt etter Foredrage mitt um Kvalitetsvale; vil prente det i "Ret" og kannhende serskilt. Eg fær no sjaa; uvisst um det kann høve for danske Lesarar.

11.9.11

– Gode svenske og danske George-Mennar skriv til meg – til meg Upolitikeren – og vil – "paa ein fin Maate" – lempe meg inn i eit Arbeid som eg gjerne gjekk i Gong med, so sant det fanst praktisk-politisk Vit i mig. Sjølve Joseph Fels vil hit og "kaste Eld paa Jordi" og korkje Førar eller Førar-Emne hev me; altfor mykje gjekk det som eg ræddast: 1905 vart Inngang til den tyngste Svevn og det seigaste Bakstræv. Og her sit eg gamle Upolitikus og strævar med Homer – – –. Naa-ja; naar eg kjem til Stockholm fær eg segja Sanningi: Norig lyt sova enno eit Bil. Me kann kaste einkvar Gneisten ut her og der so no og daa; men – ikkje so mykje som eit Blad kann me faa ut; og faa upp Ordskifte elles, naar me ikkje hev ein god Talar og Ordfiktar aa sende ikring, – det er raadlaust, raadlaust. Dei som freista med George-Lage sist – Trygve Kramer, Advokat Solnørdal o. fl. –, dei hev visst reint gjeve upp; eg korkje ser eller høyrer til deim meir.

Og alle norske Blad er s a m s t e l l t e um aa murtegia – um alt som gjeng for seg i andre Land (Danmark, England, Amerika, Australia o. fl. St.) vedkomande Jordsaki. Men det norske Vinstre – Maalfolke irekna – hev tvo Førarar – Castberg og Gunnar Knudsen, den eine meir reaksjonær enn den andre. Ikkje Sosialistane heller fylgjer med. Stillt, stillt i Gaasedammen, – kor lengi det skal vara.

Knhb. 25. 9. 11.

Hev vori i "Figgen" desse Klokkarane finn kje paa so mykje som aa segja Figstad eller Figgby, endaa dei fraa gamalt hev Figgvé(n) like ved – og i Haugesund og preika Georgisme. Paa sistnemnde Staden er der ein heil litin "George-flokk" – Stortingsmannen no, Valentinsen (som i Ungdoms Aar vart kjend med Georgelæra i Amerika), hev nok fraa fyrsto øra for det –; og den er jamvel so modig at han vaagar aa vedkjenne seg si Tru; attaat er Byen norsk – og mange (alle?) dei førande der v i l vera norske; slik som Haugesund no veks til skulde han daa kunna bli vaar fysste heilnorske By; – han er modigare enn Stavanger og norskare enn Bergen; berre ein faarleg Tevlar kunde han faa, kannhende: Aalesund. Og han veks mest paa amerikanskt, so han burde bli meir og meir modig; – endaa Vaarherre veit: fyrr eller sidan maa vel all norsk By- "Intelligens" faa Snobbearti.

Ein ung og gild Kar raaka eg millom George-Mennane der – Doktor, og alt Ordførar i Byen –; han kunde bli politisk ((-sosial)-georgistisk) Førar?? – Ein slik maa me snart faa. Men helst skulde han vera heilt norsk. Ein som Nils Sund der uppe (Bokhandlaren) vilde vera god og grei; men han er vel for grei til aa vinne fram, veit eg.

Me hadde eit lite Lag der uppe til slutt: der raaka eg mill. a. Stortingsmann Valentinsen; at Hugen er varm som fyrr hjaa honom saag det daa ut til den Kvelden. Um Gunnar Knudsen og hans Verjetoll sa han, at den Greia fekk han ikkje Vinstre-partie med paa. Men han hev vori so god ein Mann, og er so gamall no, at dei vil fara lempelegt med 'n i det

lengste; – og det kann vera rett nok.

Han fortalde meg au, at dei norske – so vel som andre – Sosialdemokratlar er i Veg med aa taka upp George-Tanken (so dei kann faa Smaabonden med); like eins at Vinstre er i Veg med det same (utan aa blanda George-Namme inn, sjølv sagt). Noko sovori høyrde eg au paa "Figgen" (av ein Bonde som eg fyrr hev tala med um George-Tanken, og som no er med i eit Møte som arbeider med aa setja upp Sakliste aat Vinstre til neste Val. Og godt vilde det vera, – um det so for det fyste vart mindre enn eit "halvt stig" paa denne vanskelege Vegen.

Ymist anna høyrde eg, – soleis um nokre Georgistar i Bergen (ein Ingeniørflokk!?) som hadde fengi den danske Føraren Sophus Berthelsen til Bergen, men hadde stengt han inne i eit lite Privatlag, der han hadde tala for 60 Menneskje.

Ei underleg Sogu, som eg maa faa meir Greie paa. Like eins ventar eg paa aa faa høyre koss det hev gjengi i Oslo; der var det Tanken at han skulde sjaa aa faa tala i Bondeungdoms-Lage; men um Klaus Sletten hev kunna vera med paa det – –

(Seinare Merknad:) Berthelsen hadde fullt Hus. Men Sletten (Formannen) "hadde Forfall" og "D. 17de Mai" – tagde ned heile Foredrage!!!

25.10.11

– Sjølv set eg meg til mitt nye fine Skrivebord (som Hulda hev gjevi meg) og driv paa med mitt: Norskdom og Kristindom (Georgedom).

Labraaten 11. 10. 11.

Dagen etter Kl. 6 – ein Time etter at eg skulde ha vori i Stockholm – køyrde eg fraa Oslo; fraa Kongsvinger av sov eg til burtimot Stockholm; kom so ut og fekk sjaa mykje av Lande aust-yvi mot Mølaren – flatt, vent, rikt Land med mange store Herregardar – haustbleikt grønt under haustbleik Sol –, til dess Ferdi so ved 8-Tidi rulla inn paa Stasjonen.

Der møtte meg ingin. Men eg bad eit Bybød føre meg til eit "godt og billegt Hotel"; og han førde meg til Akademi-Hotelle i Jakobsgata, – litegrand innanfor Vasa-Gatan. Der paa eit lite Rom ei Tropp upp – greidde eg meg godt; der var huglegt Folk og rimelege Prisar. Og kvar eg sidan kom i Byen i desse 5 Dagar: beinsamt og huglegt Folk all Stad, og dertil utan det "bråk" som me Nordmennar plar tru er so svenskt; sant aa segja kjende eg meg meir "heime" i Stockholm enn eg nokon gong hev kjent meg – eller enno kjenner meg – i Kristiania. Underlegt, gjekk eg og tenkte med meg sjølv, at desse tvo Folki ikkje skulde kunna semjast; – det hev vori det at Storsvensken kravde for mykje, og lærde Folke upp til aa tru og vente for mykje. At Rekneskapan millom desse tvo Landi elles enno ikkje er oppgjord segjer seg sjølv; at Storsvensken enno bryggjer paa Hemn for 1905, og i det heile hev Folke med seg paa denne Tanken,

det h yrde eg fleire norske der inne segja at me kunde vera trygge paa, – "so snart rette Stundi kjem".

Me, som so gjerne blundar for slikt, og liter paa Papir, som ikkje vil vera anna enn Papir naar det kjem til Aalvor, – me kann vente baade eitt og hitt, so snart den Dagen kjem daa Russen er bundin i Asia. – –

Paa M te var der mykje gildt aa h yre; ikkje minst hadde eg Hugnad av aa h yra paa dei danske Gjestine (Sophus Berthelsen og Joh. E. Lange); eg skyna deim best, av di – tenkjer eg – dei svenske alltid gjekk ut fraa svenske  konomiske Tilstand som eg ikkje so godt kjenner. Og sj lve det svenske Maal var meg mindre lett aa fylgje, naar det vart tala fort, – mindre lett aa fylgje stundom enn eg hadde tenkt meg. Men det gjekk lettare og lettare, so at det var fleire svenske Foredrag au som vart meg til god Hjelp.

Noko ned-d yvt og modlaust laag der yvi M te ved di at det var mindre s kt enn Von hadde vori; dette kom serleg sterkt fram i Slutnings-m te. Men eg kjenner meg st  paa at Arbeide vert framhaldi, og at det s n a r t vil faa Framgang; dette er – som det vart sagt – nettupp den Tidi daa Folk tek til aa tenkje paa Saki; men enno ikkje kjenner seg trygt nok til aa taka rett i.

Dei siste tvo Dagane f r eg – med godt Fylgje og god Hjelp – kringum i Stockholm og saag paa denne stolte og fagert bygde Byen med sine rike historiske Minne og nasjonale Samlingar – fraa Kongsborgi og Riddarhuse til Skansen –; der var meir aa sjaa enn ein greier paa eit Par Dagar; men at eg hev "set Stockholm" kann eg daa segja no. Og lagar det seg so at eg kann faa koma der enno ein gong til, so skal eg med det eg no veit faa fullt Tak paa denne Byen, som i so mange Maatar er noko for seg sj lv, ein By med eit serskilt sterkt og rikt historisk Samanheng.

Millom deim eg lærde aa kjenne kjem eg serskilt til aa minnast den gj ve og gl gge Tenkjaren Johan Hansson – som eg alt kjende fraa "Budkavlen" og fleire av hans Bokverk; Fru Hansson, som er honom ei serskilt god "Medhjelp" i Arbeide hans –; Socialdemokraten (og Georgeisten) Borgmeister Lindhagen, og Syster hans, den framifraa intelligente Fr ken Lindhagen, tvo serskilt fine Menneskje; Bonden og Skalden Kilian fraa Jemtland; dertil fleire Bok- og Bladmennar, som eg kom meir eller mindre i Samtale med, ein av desse tenkjer paa aa umsetja "Heimkomin Son," um der kann bli Forleggjar aa faa, – det eg ikkje trur paa.

Av Nordmennar var me tvo: umframt meg var der ein L rar Lieng fraa Ringerikskanten, som for meg var ny Mann, – ein av dei (ikkje alt-for mange) unge som no tek til aa tenkja paa Samfundsspursmaal. Han er Georgemann og tenkjer aa taka upp eit Arbeid der; kannhende f er han ut att "Rettf erd" eller eit anna dilikt Blad; og det er Tanken aa faa upp at det norske Georgelage som d ydde so syrgjeleg snart den fyste Gongen det freista seg. Gjev det kunde klara seg betre no! – For jamenn kann det vera paa Tidi at me kjem i Gang med dette Arbeide, det einaste eg ser som no skulde kunna bli til Hjelp for den norske Bonden.

24. 10. 11.

Skal til Norderhov (og Hønefoss) Laurdag–Sundag og "fyrileasa"; det vert ikkje greidt aa bli ferdug. Og meir og meir skynar eg, kor lite Hjelp det er i aa fara ikring slik og hjelpe Folk med aa faa Ende paa ein Time. Men... "ei Sjæl her og der, kannhende" . . .

I Norderhov ser det ut til at eg har funni ein Kar som det kann bli noko av: Lærar Lieng. Eg fekk Brev fraa han i Kveld (paa greidt norskt); han er alt i Gang med det han tala um paa Stockholmsturen: aa faa livja uppatt George-Lage.

No fær me sjaa.

30. 10. 11.

Paa Hønefoss gjekk det rett godt. Og ein stor Ting kom eg etter: sosialdemokratiske Arbeidarar tek til aa skyna Henry George. Det bør kunna gaa her som andre Stadir: fysst Smaabøndar og Arbeidarar, so Millomklassa i Byane, og so Resten etterkvart. – Lieng maa kunna bli til noko. –

5.11.11.

Med det norske Vinstre gjeng det atterut. Den eine Helvti er alt Høgreparti; og den andre greier seg med Førarar som ikkje skynar det fyste Tidskrav: det nasjonaløkonomiske. Gunnar Knudsen trur endaa paa Tollvernd (til Hjelp for Bonden!); og no sist skreiv han um Georgelæra som ein annan Aftenpostmann. Det er Maalsaki og "Fossesaki" som enno ei Tid vil halde Flokken uppe; den som liver nokre Aar vil faa sjaa den siste Resten av Vinstre glide inn i "Bakstræve". Som vel er vil ein ny Framgangsflokk stige fram, held alt paa aa skipa seg.

13. 11. 11.

ccc– Igaarkveld i Byen paa George-Møte. Noko slikt som 15 (16) møtte; men **Lag vart skipa**; me veit at det er ikkje Mengdi som skal gjera det enno. Og Namne George vart ikkje nemnt; det er for det fyste ikkje George-tanken me skal arbeide fyri heller; me fær vera nøgde um, me kann gjera eit Grand Fyribuings- og (gjennom eit lite Blad, som elles er so modigt at **det tek upp-att Namne "Retfærd"**, og kannhende eitkvart lite Skrift) Opplysningsarbeid. –

8.2.12

– Sende George-Stykke mitt til "Budkavlen" igaar; no er det aa faa i Veg den danske Umskrifti av "Folkestyre og Partistyre." Og so er det ein Brandes-Stubb til "Syn og Segn" – huttitu.

Eg er visst den einaste i heile Maalflokken som hev stelt so vidt med literære Ting at eg paa ei Vis kann skrive um slikt; og jamvel eg hev fylgt lite med, fraa den Tidi eg tok paa med mitt eige Arbeid. Naar tru me vinn berre so langt at me kjem skikkeleg i Veg?

. . . Amerika vil greie seg betre her, som ligg so fritt? med Atlanteren paa den eine Sida og Stillehave paa den andre? Og Amerika er alt i Gang med aa innføre Henry George. Amerika og Australia, – det skulde bli det næste Kapitle i Heimssogo, etter det europæiske og det asiatiske? – Og so gjekk Soli upp i Aust att: i Asia?

Sviv Kulturen rundt med Soli? Og maa det koma Vinter etter Haust i Mannalive som i Natturlive? – Kven veit. Den einaste Guds Lukka er, at eg, og kvar for seg, fær kvile ein Dag, og slepp ifraa alle desse faafengde Spursmaali.

14. 3. 12.

Siste Melding fraa Fantefylgje mitt: Haugesund stor Sukces; Stord yvifyllt Hus. No ber det til Hardanger.

. . . Det nye Grunnskyld-Lage som vart skipa i Haust, det skulde freiste med eit Blad (Maanadsskrift); og det kunde vera vel nok. Men det hadde berre ein einaste Arbeidsmann: Lærar Lieng; og han vart sjuk. Der stod me; ingin Ting vart gjort.

No kom det for eit Bil sidan eit Prøvehefte. Og det lova godt, med alle sine Misprentingar. Men sidan hev eg ikkje høyrte meir. Ikkje ein Knyst. Bladi hev tagt; og "Retfærd" hev ikkje vore so mykje som utlyst. Lieng maa vera sjuk att; og Lagsstyre – rører seg ikkje. I Dag fekk eg eit Brev fraa ein av dei Styrande; men det var ikkje um korkje Lage eller Tidsskrifte; det var um noko som eg no reint hadde gløymt: um aa faa teikne Tilskot, so me kunde faa Pengehjelp fraa Joseph Fels. Ja visst, Pengehjelp; men naar inginting vert gjort, kor skal ein daa vente at nokon vil gjeva Pengar?

– Naa, eg fær svara, og segja at det visst ikkje er for tidleg at me rører paa oss. Men. Arbeidskraft? Eg trudde paa Adv. Solnørdal ein Gong; no ligg han upp-etter Upplandi og hjelper Johan Castberg med aa snakke "Egne-Hjems"-Snakk; han skal vel au paa Tinge. Og kvar ein som kjem der er daud Mann. Ungdom eig me ikkje – anna enn noko Vinstre-Ungdom som er so gamall som alle Troll – ; like eins hev Folkehøg- (og Amts)skulen med sine Bondeungdomslag

døyyt ned det me ein Gong hadde av Landsungdom; han driv berre med Versmaking der no.

<side nr=217>

(Fraarekna Sunnmørsungdomen, som driv med praktiskt Arbeid; men Samfundsspursmaali er bannlyste der med).

(Eg tenkjer elles eg slepp aa vera med i Valstriden, der eg so lite høyrer heime; Høgre hev vori listigt og teki "Maal"-Biten fraa Vinstre; dertil er eg no so kjend for aa vera Georgemann, at Vinstre vil agte seg for meg, tenkjer eg. Gjev det var so vel!).

Kolb. 2. 7. 12.

– "Samtiden" hev noko som skal vera ei Skildring av Kinaføraren Sun-ja-tsens Liv og Politik; George-Tanken, som er den Manns Livssak, er ikkje nemnd. Heile George-Arbeide Verdi rundt vert gjennomført nedtagt. Eg maa læ, –

. . . .– Eg arbeider med aa melde Sophus Berthelssens "Ret og Skel"; men fær eg det prenta nokon Stad? ("Retfærd" stend paa skrale Føtar, fortalde Lieng meg sist). Og um eg fær det inn, – kven les um slikt i eit Val-aar? –

Knhb. 18. 9. 12.

Berre eit Par "praktiske" Ting fær eg sjaa aa faa gjort etterkvart, – ikkje for dei "skriftlærde", men for Folke (dei i Folke som tenkjer): ei ny Utg. av "Jesus Messias" – med noko meir Religions- (og Kyrkje-) historie, og so eit lite Arbeid um George og hans Tanke (med Tillemping for norske Høve); fær eg dei ut so ikring den Tidi eg skal "i Haug," – so maa eg i alle Fall vera trygg mot alle baade teologiske og politiske "Umvendings"-Sogur.

27. 1. 13.

Brev fraa Nils Sund, Haugesund: Maandag 20de vedtok Bystyre der burte samrøystes at Grunnar og Hus skal bli taksera kvar for seg, og at den nye Takseringi skal vera ferdug seinast

1. 5. 14. I Nemndi er Georgemannen Sund sjølv med. Naar Taksten er ferdug, so "hev me Grunnlag aa byggje paa, og so gjeld det aa faa Skatten paa Grunn upp i 7 av 1000 og paa Hus ned i 2 av 1000; lenger kann me ikkje koma no, Men me maa krevja av Stortinge so pass Sjølv-

<side nr=7>

styre, at me kann setja Jordskyldi i 2 av 100 og gjera Husi skattefrie".

Det er det fyste Stige paa økonomisk Framgangsveg; og Nils Sund gjeng ut fraa, at Tiltake vil ha so gode Fylgdir at det vil spyrjast yvi alt Lande og draga Byar og Bygdir etter seg.

Eg vonar det same. Og gjeng alt som det no ser ut, so vil dermed det fyste Stige vera gjort. Ein ny og hard og lang Strid vil vakne. Men ein Siger vil endeleg bli vunni som er Striden verd: Folke vil faa trygt Fotfeste paa sin eigin Grunn, og Pengemagti vil bli det ho skal vera: Arbeids h j e l p, men ikkje Arbeids h e r r e.

No "fær me sjaa". Men eg kjenner at ei ny Von er kveikt i meg.

30.1.13

– Var i Byn igaar og rødde med Valentinsen. Han var i Amerika i unge Aar og kom inn paa Georgetanken der: hev sidan arbeidt i Haugesund – rolegt og smaatt og med endelaust Tølmød, som ein bør gjera her til Lands; no trur han, at

<side nr=8>

det endeleg vil taka til aa glide. Og det er beste Maaten aa arbeide paa: faa Tanken inn i Live, so Folk kann sjaa, kva han duger til. Ja sjaa, at han duger her, ikkje berre i Amerika.

Av Riksmagtine kann me Inkje vente enno. Dei "kjem til Slutt", og kann, bør ikkje koma fyrr.

23.2.13

Lite er der i det heile aa vente av denne Bytid i v a a r Sak. Og so spørst det, kor mykje det kann vera att av B o n d e n um so eit Par Mannsaldrar. For det Bonden (og Maalmennar flest) minst skynar er Bondesaki; det er – likso naturlegt som syrgjelegt. Eg, som i desse Tidir lite anna fær gjort enn laga Bladstubbar um

George-lære og Maalsak (Stykke mot Sig. Ibsen kom i Aftp. her for eit Par Dagar sidan, daa eg alt hadde sendt Mskr. til Dagbl. og meldt Aftp. dette), – eg er, sant aa segja. so veik i "Trui paa Folke", at full Kraft kann der vel aldri bli i Arbeide mitt.

Brev fraa Sophus Berthelsen.

Høng 20/3 1913.

Kære Hr. Arne Garborg!

Herved beder jeg om Deres Tilladelse til at optage i "Ret"s næste Hæfte en Oversættelse af Deres udmærkede lille Artikkel i "Budkavlen" "Vad jag är skyldig Henry George", ccc samt at ledsage det med hosfølgende forstørrede Billede af Forfatteren, – gengivet efter det Fotografi, som De var saa elskværdig at sende mig. – Hører jeg ikke fra Dem, tør jeg betragte Tausheden som Samtykke.

Lad mig samtidig takke Dem ret meget for den vakre Artikkel, som sikkert vil glæde "Ret"s Læsere.

Men tillad mig at forespørge, om De maatte kunne oplyse noget nærmere om de hjemvendte Emigranter, som først bragte Bud til Norge fra Henry George. Det vilde være af Interesse at erfare noget nærmere om de allerførste Apostle. Og "Ret"s Læsere vilde være taknemlige, ifald De, kære Arne Garborg, en Gang ved Leilighed vilde skrive noget derom.

Med de venligste Hilsener og bedste Ønsker Deres meget hengivne

Sophus Berthelsen.

21. 7. 13.

Brev fraa Hulda, skrivi for 16 Dagar sidan i ein litin Gruveby Eveleth ved Lake Superior, ein Dag med Jønnveg fraa Fargo, "dei største Jønnfelt i Verdi". Der hev ho Systerdotter si, Hulda, g. m. ein Sakfører og Senator) Mr. Jim Boyle, Irlending, Georgemann, um han elles ikkje kann arbeide stort for den Tanken i eit Jønn-industrisamfund. Men det som me hev høyrte fraa Vancouver er sant; og Hovudstaden paa Stillehavskysten, Seattle, "tenkjer paa" aa innføre George den med, so Vancouver ikkje skal "taka Luven fraa 'n".

29.7.13

– Sumarhefte (Mai–Juni) av "Budkavlen" hev ymist um den politiske Demoralisasjonen i Sverig; det synest knapt vera betre der enn i Amerika; Politiken læt seg alt for mykje likne med "høstbyting". No hev Forbøds-

Totalistarne so vidt Magt at dei k a n n vinne – gjennom "byteshandel" med Bakstræv av ymist Slag; og Fleirtale av deim er so politisk principiause, at dei visst gjeng med paa kvasomhelst, berre dei kann faa Drykkjeforbøde fram; det vil. segla: der er eit nytt stort Atterslag i Vente.

I Danmark ser det betre ut no; der er Von um Framgang for Jordsaki. Det synest ljosome so smaatt i U. S. A. med; Præsident Wilson og Minister Bryan fær den eine kjende George-Mannen etter den andre inn i Rikslive.

Bryan arbeider med sin Verdensfred-Tanke-og 20 Land er med (millom deim Storbritania, Frankrike, Tyskland, Austrike-Ungarn, Italia, Russland, Kina, Japan, og av Smaastatar mill. a. Sverig og Norig). Men Fred krev ein Samfundsøkonomi som gjev Folki Rom kvar i sine Land; so lenge Mr. Bryan ikkje ser det, er nok ikkje h a n Fredsfyrsten.

Keisar Wilhelm ligg midt under "Fredsforhandlingarne" og held Krigsøvningar utanfor Bergen so Husi rister og Fjelli skjelv og Folk ikkje veit kva dei skal tru – – –; av slikt lyt nok eit lite Folk lære meir enn av dei fagraste Fredstankar. Syrgjeleg smaatt vinn det seg fram-yvi, alt som godt er; og berre det at Tyskland og Russland e r m e d i Mr. Bryans Fredsarbeid viser oss, kor lite me her hev aa vente.

Det er elles godt og vel at Folk drøymmer; so somnar daa ikkje Framtankarne reint av. I eit vanlegt politisk Dagblad les eg i Dag ein ny Samfundsdraum: Maximos-Samfunde paa Kypem; denne Draumen vert fortald utan Geiping og utan Reservasjoner, reint ut som noko ein burde kunna tenkje paa. Slikt og dilikt viser, at Folk tek til aa trøytne av det vonlause gamle og lengte etter nytt; den Tanken at me ikkje er raadlause, naar me berre kann faa Mod, – den vaknar hjaa fleire og fleire.

Knhb. 9. 9. 13.

Men sjølve dette Bondespursmaale sét meg i Haustlag. Stakkars norske Smaabonde; – er det ikkje uendeleg naturlegt at han, rett som det er gjev upp alt og slær seg paa Salmeboki og set si Von til Englevengjer og Palmur og Salmar i eit drøymt Himmelrike, der Futar og Prestar <side nr=56>

ikkje slepp inn, men berre han og hans; – for "sæle er dei fatige?" – Og endaa kunde han, nettupp h a n, faa det so godt paa Jordi!

– No um Sundag hadde eg Gjester: Ola Mossige (paa Tu), (unge) Aamund – "Ommon" – Nordheim og ein Lærar (Harding); det var hyggjelegt i alle Maatar. Ikkje minst hyggjelegt var det for meg, at desse tvo Repræsidentarne for Bondearistokratie paa Jæren vilde faa meg til aa tala um Henry George. Eg hev so lite Tid

no, at eg torde ikkje lova noko slikt Foredrag
fyrr til næste Aar; men daa skal eg so visst
gjera mitt beste.

Knhb. 29. 9. 13.

Igaar paa Tu, hjaa Ola Mossige. Og Kona
hans, Dotter hans Hans Hognestad. Gjævt, gildt
Folk, som stend seg godt, fær mange Baan og
hev mykje og godt Skyldfolk og Kjenningsfolk; dei
er millom dei styrande og i det heile dei beste
i Bygdi, men høyrer til Bondefolke heilt ut; det
er eit Kjennskap eg i alle Maatar set Pris paa.

Mannen skynar seg fullgodt paa alle praktiske
Dags-Spursmaal; fram-yvi hev han au tenkt meir
enn dei fleste hev. Men han er visst alt so heilt
bunden i dei jord-økonomiske Synsmaatane som
han er oppvaksen og liver i og etter Maaten
greier seg godt med, at etter all Von kjem
George-Tanken til aa skilja oss. Det Foredrage
han sist var med og bad meg um, vart denne
Gongen ikkje nemnt. – Men eg kjem til aa halde
det i alle Tilfelle; like eins det um fritt Val. Og
so tenkjer eg meir og meir paa eit Jær-Foredrag
um "Krist og Motkrist" (Jesus og Paulus). Gjev
det kunde bli meir enn Tanke! – Alderdomen
med si Ro og "endelege Forstaaing" til alle Sidur
tek meir og meir baade Stridslynne og Arbeids-
hugen fraa meg.

28.6.14

For George-flokken sloknar nok av att endaa
ein Gong. Fraa "Retfærd" er inginting aa høyre
(Lieng skal ha vorti styrar av eit Socialistblad);
og Myrvang tek (liksom Castberg) til aa snakke
um Verdstigningsskatt. – Naa-ja; kannhende maa
Retten lure seg fram d e n Vegen?

Men at her endeleg vert opin Krig mot Verne-
toll-Tjuvskapen er godt.

18.6.16

– Noko meir Von er der ved aa sjaa ein
Socialdemokrat (Hornsrud) taka upp Jordspurs-
<side nr=256>
maale i Tinge og føre George-Tanken eit Stig
fram. Etter det som no er avgjort vil det her-
etter (av altfor store Embættsgardar) bli Jord aa

faa mot ei rimeleg Grunnskyld; og um Bonde-
ungdom flest nok heller vil halvsvelte i Fabrik-
trældom enn i Bondetrældom, so vert det alltid
ein og annan som freistar med denne nye Bonde-
skipnaden og kjem etter, at han ikkje er Træl
lenger, og daa kann det laga seg smaatt um Senn
likevel – alt. Byarne vil smaatt um Senn lære
av Haugesund – paa sin Kant.

– Krigen skeivlar i Veg som fyrr; i det siste
er det Russen som hev gjort nokre "Framstìg".
Og paa Sjøen hev nok Tysken tapt mot Engelsk-
mannen meir enn han vil vera ved. Nokon Ende
paa Branden er det enno ikkje aa sjaa; og naar
Enden kjem, so vert det vel berre ei Vaaben-
kvile, – til dess dei som tapte fær Kraft til aa
gaa paa att. For den europæiske Halvkulturen
kann vel aldri lære?

Eit lite Ljosskimt i Natti: det danske radikale
Vinstre hev sett upp eit heilt georgistisk Jord-
program i Valprograme sitt. Men so er det
Spursmaale: vert det no meir enn fyrr anna enn
Snakk med dansk Reformpolitik?

Knhb. 14. 8. 16

– Brev fraa Severin Christensen, som vil ha
meg med til norsk Skriftstyrar i "Rettsstaten", som
skal bli skandinavisk Tidsskrift no (og arbeide
<side nr=275>

baade med social og personleg Etik). Daa eg
ikkje veit nokon annan aa setja i Staden min, so
fær eg gaa med; Skrifti fær visst nok av Hin-
dringar elles aa kava med.

– Fraa Lieng fekk eg Brev i Dag; han held
godt ut og arbeider baade vitugt og trufast, um
han elles i Hønefoss hev vorte stengd av social-
demokratisk Skattetrongleik og vil ut av "Retfærd",
daa han ikkje heilt kjem til Lags med W. Men
so er han komen so langt, at Arbeidardemokra-
tarne snart gjer George-tanken til Programsak;
daa vil mykje vera vunne, ved di att Politiken
(og serleg Vinstrepolitiken) vert nøydd til aa gjera
seg Saki klaar – og snart til aa ta Umsyn til
Kravi fraa den Sida.

Knhb 25.8.16

Og no

døyver Krigsbraake alt; so no hev eg samla meg

heilt um mit eige Arbeid. Men eg tek til aa tenkje paa, kva eg skal gjera heretter – naar det eingong vert Arbeidsro att –; held Helsa so godt ut som det enno er Von um, fær eg taka ei lita praktisk Arbeidsykt til. Og daa fær eg taka "alt" med – alt som eg her hev aa segja – i tri Foredrag(eller tvo Hefte): 1) Samfunds Grunnspursmaali: a) det borgarlege (Samstyre) og b) det økonomiske (Grunnskyldsaki); 2) Aandsspursmaale: Tru og Tanke. Det er desse Spursmaali som hev forfylgt meg all mi Tid (umframt det nasjonale); no fær eg gjera meg "ferdug" med deim so godt som Raad er. Foredrage i Studententerheimen um Grunnskyldsaki (med Nemning av Samstyresaki) vert Opningsslage i denne siste fredelege "Krigen" min.

19.10.16

– Homer søv att. Fysst kom "Wilhelm Tell" i Vegen; og no kjem Henry George; eg lova eit Foredrag um honom (i Sumar eingong) til den 9de Novbr.; trudde Homer skulde vera ferdug um Lag daa. Men Homer er knapt halvferdug. (Og eg trur mindre og mindre paa at her vert Tider til aa gjeva ut slikt ber i Lande for det fyste.) No vert det aa sjaa gjennom Foredrage <side nr=292> og stelle litt paa det; men naar det er gjort, so s k a l, Fader Homer upp-att; den Tidi eg no lîver i trur eg mindre og mindre paa, vert eg meir og meir uendeleg trøytt av.

10. 11. 16.

Foredrag i det "kristelege Studententerlage" um George-Tanken igaarkveld. Huse fullt, og "godt Publikum" (som fylgde vel med); sistpaa eit Ordskifte, som kunde gjeva rett godt Mod. (Eg kunde elles rett lite vera med; var for trøytt; er ikkje fullt i Stand med Helsa enno). Serlegt god Hjelp hadde eg av Wielgolaski og av Prest Eugène Hanssen. Av dei unge var eit Par nærast paa vaar Sida og ein (som eg elles ikkje rett fekk Greie paa) imot. Inntrykk i det heile: Folk tek til aa tenkje paa Spursmaale noko meir enn fyrr.

– For mine Augo myrknar det elles meir og meir: det prøyssiske Soldat- og Junkervelde fær

vel Magti (England – og Russland! – gjer ingenting av seg, og Frankrike kann ikkje halde noko lenge ut). Eller kannhende rettare: Milliardherrarne (i Europa og Amerika) fær Magti; dei hev snart heile Verdi i Pant no, veit eg, og vil daa vel meir og meir leggje seg inn i Styre. Kongar og Fyrstar vert Løytnantarne deira, og Riksdagarne Kontorgutar for deim; og alt som Arbeidskraft hev vert deira Arbeidsfolk – for nettupp so vidt Løn, at Fleirtale vil tru det ikkje kann løne seg aa gjera Uppreist.

Daa visnar Europa smaatt um senn burt. Og einaste Spursmaale vert, um den vestlege Halvkula (, U. S. A.) kann halde seg so vidt fri, at d e n kann vinne seg fram-yvi. Elles somnar <side nr=295> alt av, – til dess "Soga" tek til att paa nytt og lirer av same Visa endaa ein Gong.

Er Homo (Mengdi) sapiens eller insapiens? – that is the question. Menneskje med Aand er kannhende eit "Overmenneskje", som kann vakne her og der og no og daa og segja gode Ting, men som aldrig vinn Magt eller "fær Fleirtal" ?

Band 5

16.3.17

– I Sverig (og Danmark) er det Ordskifte i Gang um ein skandinavisk Økonomi-Union, til Hjelp for desse Landi naar Blodkrigen fær Ende og Tollkrigen for Aalvor tek til. Spursmaale er alt framme for Riksdagen; og der vil George-istarne no taka eit Slag for heil Tollfridom ("Motion av herr Bengtson i Gøteborg m. fl. . . . angaaende en överenskommelse mellan de nordiska staterna om gemensam tillämpning av frihandelsprincipen"). Johan Hansson hev sendt denne Motionen (saman med ein annan – från herr Palmstierna – um gjennomført skandinavisk Tillempling av Tollvernskipnaden) til meg med Spursmaal um eg vil skrive noko um Saki.

Visst vil eg. Men vilja og kunna . . . Og so Tid . . . Dessutan: Odyssevs og Belarne paa den eine Sida og skandinavisk Tollpolitik paa den andre –

Naa; ein Freistnad fær eg gjera, vel. Men det er den tridje Rykkjingi etter Uttal eg fær paa det nye Aare; og no hadde eg forsvore meg paa, at Odyssevs skulde vera det einaste. –

11. 4. 17

– Maa til Aas no Laurdag, med Foredrage um George. Mykje Umskrivingsarbeid.

16. 4. 17.

I Fyrrdags (Laurdag) um Kvelden heldt eg (etter Innbjoding) George-Foredrage mitt i Elev-Lage paa Aas: der, paa Jordbruks-Høgskulen skulde det Emne just høyre heime. Etter det vesle Ordskifte etter Foredrage (der tvo av Elevarne kom fram med dei vanlegaste Modkasti mot Grunnskyld-tanken, som eg vart aaleine um aa svara paa) saag det elles ikkje ut til det; og

<side nr=26>

naar alt kjem ihop, so var nok det svært rimelegt. Er all Skule utestengd fraa Verdi – fraa Luft og Sol –, so er nok den det framifraa. Men det var modigt gjort, at dei vaaga seg til aa høyre eit Foredrag um den Ting; um det hadde vore ein Georgemann i Flokken, so hadde det vel ikkje vore klokt av 'n aa heise Flagg der.

Hans (Eivindsson) Hognestad – som visst er Upphaver til Innbjodingi, og som tok imot meg og fylgde meg paa Stasjonen att, er ein stillsleg og hyggjeleg Kar, som helst rødde um Hognest' og Jæren, og som eg lika, so langt som eg i det heile kom innpaa 'n; han tala godt Jærbumaal au. Og det er Farsgarden (eller sin P a r t av Farsgarden), han tenkjer paa so vidt eg kunde skyna.

7.6.17

Danske Georgefolk ("Ret" – "Den lige Vei") synest tru paa, at Krigen vil tvinge Folki inn paa ein vitugare Politik og Økonomi enn den dei til dessa hev greidt seg med; gjev det var so, vel. Men eg trur ikkje svært mykje paa det; i Røyndi stend Folke raadlaust. Det veit for lite, <side nr=42> og hev daa ikkje Mod til aa vaage seg inn paa nye Vegar. Og nokon Mann som kann faa Folki til aa "tru" paa seg hev dei danske Georgefolki knapt meir enn me norske. Lenger enn me er Danskarne likevel komne, so eg skal visst ingen Ting forsverja. Det ser òg ut til, at Georgefolk og Socialdemokratar held paa med aa arbeide seg saman der nede; og kunde det bli Tilfelle, der og her og Verdi rundt, so maatte Framvegen bli tryggare.

15. 10. 17.

– Lieng arbeider med Smaabrukarann sine, som han fær meir og meir yvi paa George-sida; heilt klaar synest han elles ikkje vera; eit Uppkast til Program, som han hev late meg sjaa igjenom, smakar her og der ikkje so lite av Socialdemokratisme attaat. Men paa Veg til aa faa eit lite georgistisk Parti synest me daa endeleg aa vera. – Han hev òg late meg sjaa igjenom eit Par Utgreidingar (um Ivar Aasen og um "Det engelske og norske Maalstræv") av ein ung Lærar, Eirik Hille, som baade skriv og tenkjer greidt og lett, og som visst kunde bli ein god Arbeidsmann (Maale hans er elles enno dansknorskt – ofte ille uppblanda –, som hjaa dei fleste unge; Raad med dette er her vel ikkje, so halvdanske – eller halv norske – som alle Skular og Skule-

bøker og det meste av Bok- og Bladbeimen er),
– no spyrst det um aa faa desse Utgreidingarne
ut. – Ein annan ung Lærar, som hev vore sinns-
sjuk i nokre Aar (han vedgjeng elles ikkje det;
hev med Fantekunster vorte sett paa "Asyl";
men der synest han alt ha vore rett lenge); no
vil han søkje Stortinge um Hjelp til aa faa noko
Jord; og so skal eg hjelpe 'n med nokre "varm-
<side nr=78>

hjarta" **dvs.:** hjartevarme Ord – eit Vitnemaal –
eg, som aldri hev høyrte Mannen nemne. Ja, ja.
Men ein ung Mann, som vil noko, v a a g a r
noko, v i n n noko ... er det nok gildare aa
raaka paa. Naar det ein Gong imillom, so tju-
gande-kvart Aar, kann hende!

13. 12. 17.

– Engelskmenerne hev teke Jerusalem. Dermed skulde
jødarne ha Von um aa faa att Lande sitt (under engelsk Overhøgd,
sjølvsgt, – liksom fyrr under romersk, babylonisk o. s. fr.).

Ja; um Vestmagterne greier seg mot Tysken
daa; – det orkar eg mindre og mindre aa
tru paa.

Russland er sprengt (og alt der inne reint villt;
Soldatar røvar og Bønder brenner og alle er i
Slagsmaal). Italia er døyvt; Frankrike veiknar;
Amerika ligg for langt or Veggen; det spyrst daa,
kor lenge England kann halde ut; for Prøyssaren
hev 2 Millionar Mann no paa Vestfronten. Enno
talar Asquith modig; men ingen kann tru lenger
enn fraa Dag til Dag i desse Tider.

Noko med det uhuglegaste er, at Berlin hev
Studnad i Rom; og Kyrkja er lur og langfingra
som sin Herre og Meister Fanden. Men Berlin
hev Studnad i Rom, av di "Centrum", Katholi-
cismen, er sterkare i Tyskland enn me taapne
Lutherske hev Greie paa. Naar daa den berlinske
Sabelen og Politistokken slær Lag med det ro-
merske Krucifikse – til den Sida vil Mammon-
kyrkja òg søkja, daa visst Tyngdi av ho –, so
er Helvitmagterne samla og daa visseleg allmeg-
tige. (Rom hev mykje Magt i England med; og
der er meir enn nok av baade Katolikar og Ty-
skarar i Amerika).

Di meir eg tenkjer paa dette, di mindre veit
eg elles kva eg skal segja um det. I Vestheimen
med sine Bankar og Børsmatadorar er Folke
ikkje betre fare enn i den romerske Verdi; ja

paa ein Maate er det verre fare; for attaat Bankarne og Børsherrarne hev Rom-Verdi Kyrkjur og Munkar, som med gamle Kunster og Talemaatar kann "trøyste" Folke; ho hev og det Vitet at ho held Folke faakunnigt, so det finn <side nr=92>

seg i alt, i Svelting med, og finn seg rolegt i det, med Folke stundom gjer Staak i Vestheimsbyarne, – faafengt Staak som gjer Vondt verre helst. Er det daa kje likso godt, at Verdi somnar heilt av att? Anna enn Fuske-"Fridom og Rett" fær ikkje Folke kor-som-er. Ikkje i "det frie Amerika" heller. Og i det "kristelege England" minst. Vestheimen hev nok havt sin Henry George; men han vert nedlògen og nedtagd. Eller nedkjøpt, um han her og der kann koma upp for ei Tid; Folke hev aldri kunna halde Retten sin uppe i det lange Drag; dertil er det for stutt-tenkt og for smaatenkt.

– Naa-ja; "me fær sjaa." "Korleis det gjeng og ikkje gjeng, so gjeng det daa eileis"; og um det so gjeng verst, – me vinn oss i alle Fall fram til Gravi.

12.1.18

Um Ettermiddagen var eg med i "mitt" Møte (eit privat Georgelag-Møte, som Lieng hadde fenge i Stand). Det vart opplyst, at det gamle George-Lage heldt paa aa leggje upp ("Retfærd" og i Røyndi alt skulde stanse, av di Lage korkje hev Arbeidsmenn eller noko vidare Lagsmenn); Gravpreika var alt prenta i siste Nummere av "Retfærd" (enno ikkje utsendt, som vel var). Men no kunde Lieng fortelja, at Smaabrukarlage endeleg (her som i Danmark) hev teke upp Grunnskyld-tanken; og det er no eit stort Lag; fleire tok òg til no aa koma med: so no var det i k k j e Tid til aa leggje ned Arbeide. Som vel var, fekk han etter eit Grand Ordskifte Møte med paa dette (derimillom Lagsformannen); sjølve den gamle Bladstyraren (Wielgolaski, som elles er mindre helsesterk no) var nøgd med den nye Skipnaden, og me kunde skiljast med rett gode Voner. Eg trur der er meir Tak i Lieng enn det saag meg ut til i den fyste Tidi; og det Programe som Smaabrukarlage hev sett upp er, etter alt eg kann sjaa, eit godt Overgangsprogram, i Grunnen heilt bygt paa Grunnskyld-Tanken. Gjev eg kunde arbeide noko meir med!

21. 3. 18.

I Byen fekk eg Tak paa Myrvang; og han lika Tanken og var meg til god Hjelp; dertil fekk eg Adressa til Formannen (Ingeniør Lyng) og skreiv til honom (det vart ikkje Tid fil aa finne 'n i Byen); han hev òg hjelpt godt til. Og det retts-demokratiske Møte kom istand igaar, og gjekk godt. Dei førande Georgistarne i Byen møtte upp, og alle – so nær som Wielgolaski – gjekk med paa Tanken, meir og mindre heilt, og med meir og mindre Mod. Alle (~W – ski) var like eins med paa, at me ikkje

burde skipa noko serskilt Lag, men vera den "rettsdemokratiske Gruppe" i Grunnskyldlage. Til (skandinavisk Forhandlings-)Nemnd vart Myrvang, Overlærer Møller og eg (dessverre) valde (og Advokat Solnørdal vil hjelpa til, men er so yverlesst med Arbeid – og ikkje noko frisk –, at han kunde ikkje gaa heilt inn i Nemndi). Denne Nemndi skal dryfte Programe; Møte, der Svar til dei Svenske og Danske skal bli sett upp, vert halde straks yver Paaske. Idag hev eg skrive til N. av Ekenstam um dette; det klarar seg, fær eg tru.

16.4.18

I Bergen straalande VÍr som her; i Haugesund (og vel lenger sørretter) "Sol, men sur Vind". –

Fraa andre Kantar høyrer eg, at Jærbuen snart er ferdug med Vaarvinna alt.

– Igaarkveld nytt Rettsstat-møte. Færre møtte, og det var meir Tvil og Tvihug enn sist; men Overlærer Møller, "Sekretæren", var god; og Enden vart, at me samla oss (noko-so-nær) um "det centrale" i Programe, og eg fekk Fullmagt til aa skrive til Sverig, at me vil vera med.

I Ordskifte kom det upp, at der er mykje uklaart og uheilt hjaa dei fleste av jamvel desse beste Georgeistarne vaare. Og inst inne kjende eg med meg sjølv – som so ofte eller vel i Grunnen alltid og det langt-ifraa berre i seinare Tid –, at i Grunnen er eg gamall: trur ikkje. Hev berre meir og mindre Voner. Og kjenner at eg maa hava noko aa arbeide med, um eg skal halde ut dette "Live". Og det eg kann segja og trur er, at det vesle ein kann gjera vil alltid vera til Gagn eller Framhjelp for ein og annan, iminsto paa eit og anna Framgangs-stig. Men Verdi i det heile, – den gjeng si skeive Gonge, um det so kjem den eine Idealisten, ja Storingen, gildare enn den andre; i Verdi styrer Riksstellaren, Spekulanten, Militaristen; og dei Folk hev kje Bruk for Idear utan no og daa til Taleprydnaad. Berre for det vesle Faatale av fødde Idealistar hev Tankar o. s. fr. noko Livsverde. Og so kann det alltid – Herregud! – falle av ein liten Smule her og der, som kann bli til eit Grand Framhjelp for Mugen – so i mindre Ting. Men um alle Stormenner og Stortankar kann frelse – t. D. no Europakulturen fraa aa gaa til Havs...

– Ufreden rasar like vitlaust; og vinn gjer vel no som alltid den digraste Brutaliteten. Men dei store, fagre Tankarne, Synerne o. s. fr., – dei hev eit Verde likevel; gjer Live livande for Idealistar og Drøymarar.

– Den danske Severin Christensen er mykje til Arbeidskraft: driv paa med Rettsstaten og "Retsstaten" og med Filosofi attpaa, serleg Etik; siste Boki hans heiter "Indad". Den er tidhøveleg heilt og fullt: gjeng ut fraa det me no endaa ein Gong er komne etter: at me inkje veit, og brøyter Rom for "Livsanskuelser": Etik og Religion ("Vurderingsfilosofi" jamsides "objektiv Vitskap"; Rasmus Nielsens "Tro og Viden" paa ein ny – og enno betre – Maate). Det er ei god Bok, og i fleire Maatar forvitneleg; sjølv vitskapleg opnar ho Vegar og legg Grunnar for den Nyromantiken som alt hev Magti – "i denne kulturfiendske Tid". Det kunde vera Moro aa skrive um ho; men Stunder . . .

2. 5. 18.

– Brev fraa Johan Pedersen. Han finn, at det er meiningslaust aa sitja og laga Literatur no; det gjeld aa faa Skikk paa Samfunde, og han vil ha meg med paa Samstyre-Arbeide.

Ja. Eg var nok gjerne med. Men eg kjenner meir og meir, at eg "vert gamall".

ccc Det hev alltid vore eit Mindretal, som vilde frelse Verdi. Men Verdi bryr seg ikkje um aa bli frelst. Dyre *homo sapiens* skil seg i tri Slag: eit lite Faatal, Idealistarne; dei kjem aldri lenger enn til aa skapa Sekter; eit større Mindretal, "Herrenaturarne"; dei hev no skilt seg i tvo: politiske og økonomiske Herrar (og Strævarar); og so Fleirtale, den store Mengdi, som dyrkar og følgjer – eller bannar og bøyggjer seg for – Herrarne og i baae Fall berre hev e i n Tanke: greie seg ("Mat og Moro", *panis et circenses*) og kannhende – hjaa eit noko lenger kome Faatal – e i n Draum: aa vinne seg upp millom Herrarne (eller for det fyste upp i den høgre Tenarklassa).

Naar me Idealistar i Ungdoms (og rett ofte Manndoms) Aar vil frelse denne Verdi, og trur at det kann lata seg gjera, so kjem det av, at me ikkje kjenner eller vil kjenne ho, men diktar ho um og liver paa ei sjølvskapt Tru: at Verdi i det heile er idealistisk, i Grunnen daa. Sømme av oss magtar aa halde uppe den Trui, um me so vert gamle. Og eg hadde visst – med all min Tvilesjuke – greidt det.

Men Krigen kom. Og heldt paa Aar etter Aar. Og tvinga meg til Gong paa Gong, og meir og meir strengt, aa revidere Idealist-Rekneskapen min. No sit eg her so gjennom-eten av Tvil og Vantru, at Arbeidskrafti er um Lag upptærd. Livet er "Wille zur Macht". Vinn Tyskland, so vert Verdi halvtysk – med no og daa ein Uppreist som druknar i Blod –; vinn Vestmagterne, so finn Prøyssen seg i dette, til dess det hev laga seg endaa fleire Mordmaskinar (paa Føter og paa Hjul); daa tek Magtstriden og Maskinslagtingi til att. Og held paa, til dess den europæiske Soga er til Endes.

I alle Tilfelle: Vernetvangen, Militarismen, vil halde seg og meir og meir vekse; d. e.: Herremagti veks. No og daa skriv Bladi um Uppreist-Voner i baade Prøyssen og Austerrike; med deim vil det gaa som med den veldige Folkereising i Russland – variatis variandis. Alle Kulturar naar so høgt at dei vert sjuke, **dvs.** at det sjølvmotsegjande i all politisk og social Rangskipnad stig heilt og fullt fram; daa vil det gjerne vera ein og annan Lækjar som ser og sk"nar Sjukdomen og finn ut – meir eller mindre fullkome – dei Raaderne som kunde hjelpe, um dei vart nytta i rett Tid; men Samfundsheilen er for seintentkt og Samfundsviljen for sjølvstridig til at rette Tidi kann bli nytta, og so døyr den sjuke Kulturen.

Alt Henry George skyna, at so vilde det – vel helst – gaa. Og no, med Ufreden 1914–18, er Baneriderne tekne til; den veike Voni mi sloknar meir og meir av i den veksande Vissa, at Sjukingen i k k j e greier det. Og um daa Arbeidsviljen kunde vera god nok, – det minkar og minkar med Arbeidskrafti; eller rettare: eg finn meir Grunn til aa spotte denne Tosken til Sjuking enn til aa preike um dei Raaderne han mindre og

mindre kann faa noko Hjelp av.

6. 5. 18.

ccc – Fraa Johan Pedersen Brev; han hev arbeidt seg igjennom tvo-
tri av Bøkerne mine og finn eit og anna der, men vil "opfordre" meg til "at
ophøre med Bogmageriet", um eg elles "vil Menneskene godt". For det ein
soleis skriv (naar det elles er "godt"), vert ikkje anna enn "hellige Bøger",
som kvar Lesar – serleg naar Forfattaren er gammal eller daud – lempar til
rettes etter sitt Hovud og nyttar til Hjelp for sine eigne Meininger (Ynskje),
um Forfattaren aldri so mykje hev vilja og meint noko reint anna. "Min
skumle Hensigt er", slutter han, "at lokke Dem til paany at tage aktivt og
personlig Del i Arbeidet i D.(et) u.(niverselle) S.(amstyre)"; "Høsten er
stor og Arbeiderne faa, og vi kan ikke undvære Dem længere."

cccEin Mann med mykje godt, men og med mykje rart i Hovude
sitt. Det han skriv um Bøker er rett nok; men eg er meir og meir komen
etter, at ein kann segja det same um det "personlege Arbeide" med; det
fører ingen Veg, kor "helligt" det kann vera. Ein kan taka personlege
Sanningar – som dei Jesus forkynte; dei vert umstelte, so Prestarne kann
byggje seg ei Kyrkje paa deim – eller Samfundstankar – som dei fraa
Revolusjonstidi – som Storborgarne hev stelt um og bygt sitt Bourgeois-
samfund paa –; praktiskt Arbeid og Tanke-(Diktungs-)arbeid fører like
langt: lærer Folk aa tenkje noko gløggare (so dei kann faa vride seg
undan dei nye moralske eller sociale Kravi) og hev elles lite aa segja, utan
for dei som liver for deim (Meistrarne og deira større eller mindre Faatal
av Sveinar). Johan Pedersen fær ikkje sin politiske – eller George sin
socialøkonomiske Tanke gjennomført, fyrr dei Magthavande hev funne ein
"Gjennomførings"-maate som læt d e i m vinne – eller daa ikkje tapa –
ved den nye Skipnaden.

Det "løner" nok endaa Umaken aa arbeide for gode nye Tankar;
ein "vert driven" til det og kjenner seg glad i sjølve Arbeide; og eitkvart
godt vil gjerne fylgje med, um "Gjennomføring" sistpaa vert nokso skral.
Men paa dilik Maate er det med den literære "Arbeidaren"; han "hev si
Glede i Arbeide" og hjelper alltid ein og annan til aa sjaa n o k o djupare
eller vidare og tenkje n o k o meir klaart. Det som gjer, at eg ikkje vert
nokon god Arbeidar etter J. P.s Uppskrift, – det er berre den Ting at eg er
ein meir literær enn praktisk Natur.

Haugesund 11. 7. 18.

Herr Arne Garborg.

Her hev nett no vore ei stemna av "Norsk studerende ungdoms
avholdslag". Ein sonen til bisp S(tøylen) budde hjaa meg. Han studerar
jus og fortalde at dei iaar til practicum fekk i oppgaava:

"Giv en fremstilling og kritik av Henry Georges lære om
jordrenten."

Det synte seg daa, at mest ikkje nokon hadde greide paa dette,
daa læreboki i statsøkonomi inneheld so lite um Henry George. Men det
var daa so mykje kandidatane vart nøydde til aa tenkja paa Henry

George. Ein kandidat var Henry George-mann, og han fekk "indstilling" for sitt svar.

Eg tenkte De kunde ha hug til aa høyra dette, og difor hefter eg Dokke burt i dag.

Eg vonar De faar tid til aa stogga nokre dagar her, naar De fer paa heimveg. De er hjarteleg velkomen.

Med dei beste helsingar

Dykkar

Nils Sund.

14.7.18

– Igaar (og idag) eit Par Brev; ein Advokat skriv og vil ha eit Responsum um Namneformerne "Bruu" og "Bru" (som der er Høgsterettssak um!); Luthersk Bokmission – der er noko som heiter so òg – vil ha meg til Medlem; Nils Sund skriv og fortél noko som er rett lystigt fraa den siste juridiske Eksamen ved Fredrikshøgskulen. For fyste Gong var der til Praktikum ei Stiluppgaaive um George-Læra; ingen hadde Greie paa den (Aschehoug og Morgenstjerne hev vel um Lag like lite um ho i Lærebøkerne sine); berre ein Sinding (som er George-Mann) visste noko; men han skreiv daa òg so han fekk "Indstilling". – Elles utrulegt, at den gamle mosegrodde Juristskulen der inne fylgjer so vidt med: veit, at George-Spursmaale enno er livande.

20. 11. 18.

Til Lund kom me.

Men der var ikkje noko skandinaviskt Møte. Det var Spanskesjuken, som var komen i Veggen; me raaka Nils av Ekenstam, som var oss ein hyggjeleg Vert, tok oss med paa Aarsmøte aat dei svenske Rettsdemokratarne og fekk gjenom Telefonen skipa eit lite skandinaviskt Møte i København; so drog me til Malmø og fekk stelt paa Passi vaare – med ymist Bry, av di Ordet "rettsdemokratiskt Møte" vart nemnt (eit Ord som vel hev klinga revolusjonært for den skikkelege danske Konsulen); so til Lund att, der me mill. a. saag Domkyrkja. Dagen etter til København, der det "skandinaviske Møte" (1 svensk, 2 norske, 7 danske) kom i Stand, og der me raaka fleire av dei fremste danske Georgeistar og Rettsdemokratar (Severin Christensen, Sophus Berthelsen, Dr. Dam o. fl. – gilde Karar). Det skandinaviske Møte vart daa helst danskt; Danskarne tala mest, og mest um danske Spursmaal; nokon skandinavisk Eldhug var der ikkje; og eit Par av Georgeistarne var heilt eller halvt imot sjølve Rettsdemokratie med. Møte kom likevel til Lags um aa freiste aa faa europæiske Framgangsmenn og -Lag med paa ei Samling um den rettsdemokratiske Tanken.

Stemning for eit skandinavisk Tidsskrift var der millom danske som millom svenske Rettsdemokratar; det kjem daa vel i Gang. Der var elles ikkje so sterk skandinavisk Stemning millom Danskarne som eg hadde venta; og i Grunnen tenkte me nok alle mest paa dei store Dags-Spursmaal ute i

Verdi (Fredsförhandlingar og Revolusjonar) – kjende med oss sjølve, kor lite me i Røyndi kunde gjera, naar alt kom ihop.

Dei Par Dagarne i Kjøbenhavn nytta me elles til aa sjaa oss um i Byen (Glyptoteke; Raadhuse ; det istandsette Kristiansborg, der Riksdagen er innflutt, og der Kongehuse og Høgsterett skal flytja inn; Langelinje o. s. fr.); og um Kveldarne var me paa Teater (Det kongelege; Dagmartheatre). Meir og meir laut me vedgaa, at Kjøbenhavn nok likevel er "Nordens Aten".

11. 2. 19.

Gjester i Kveld: tvo av dei beste Rettsdemokratane vaare (Møller og Lieng) og ein svensk Mann: August Schvan, Kammerherre og Attaché og Samfundstenkjar. Ein Kammerherre reint for seg sjølv: heil Georgist og i Grunnen heil Anarkist (um ikkje nettupp i Teorien), og ein uvanlegt kunnskapsrik og tankeklaare – og taleklaare – Mann, som eg er glad ved aa ha lært aa kjenne. Han hev sétt mykje av Verdi – serleg av "Stats"-verdi – og talar dei 4 europeiske "Verdsmaali" (dei gamle 3 + Russisk) likso godt som Svensk; like eins kann han mykje og hev – etter alt eg kunde forstaa – tenkt det igjenom, og det meir heilt ut enn Folk plar tenkje sine Meininger igjenom; han er Fritenkjar i sann og full Mening. Og mykje sagde han – um snart sagt alle vaare "store Spursmaal" (Samfunds-, Kyrkje-, Skule-), som var so klaare og modige at dei friska meg reint upp. Eg kjende han paa ein Maate fraa fyrr – veit um ei av Bøkerne hans : "Les Bases d'une paix durable", og hev i danske Georgeistblad lese um eit Foredrag, han hev halde i Kjøbenhavn –; no er her Von um aa faa 'n til aa tala her med (i Bondeungdomslage for det fyste).

Og det skulde kunna hjelpe i ein By som Xania: ein svensk Kammerherre, som er Georgemann og "villt radikal"! – Tala kann han i alle Fall; og han veit og kann meir, tenkjer eg, enn Storting og Regjering ihoplagde. Kor som er vil han koma i Folkemunn, og dermed Tankarne hans med; skulde nokon kunna setja eit Grand Fart i oss, maatte det vera ein Kammerherre som denne.

10.9.19

– Fraa "Retsstaten" (Blade og Lagi) hev eg lenge Ingenting høyrte – kann Blade vera avsomna? – Men i Dag kom det, gjennom N. af Ekenstam, ei Sending som viser, at der nok enno er eit Grand "Liv i Lage". Det danske Retsstatlage hev – ved Dr. Axel Dam – sendt ein Søknad til Bureau International de la Paix i Bern um, at det danske Retsstat-Lage maa bli membre actif av Freds-samnøyte; og no vil det hava dei svenske og norske Lagi òg med paa dette. Me er nok ikkje Fredslag i Namne, men "nous représentons en réalité le pacifisme le plus radicale", heiter det i den danske Søknaden til Freds-"byraae" – Fraa Sekretæren i dette Byraae, Mr. H. Golay, hev daa Danskelage fenge Lovi for Fredslage – Statutes de l'Union internationale des Sociétés de la Paix", vedtekne i Marts 1914! –som Dr. Dam hev sendt til Ekenstam og denne no

sender til meg med Spursmaal um me vil gjera Fylgje.

Eg fær daa faa eit Møte i Stand. I ei Tid som korkje trur paa Rett eller paa Fred, men berre paa Magt og paa Mynt, kjem ein nok ingen Veg med korkje Retts- eller Fredslag; men Herregud, "ropande Røyster i Audni" treng ikkje minst slike Tider.

15. 12. 19.

– I eit nytt Skrift: "Den retfærdige Revolution" manar Aug. Schvan Danmark til aa straks innføre Rettsstaten. "Tiden har Hast. Uveirskyerne trækker sammen fra Dag til Dag." Og "Danmark kan, ved at handle straks, frelse ikke blot sig selv, men ogsaa Civilisationen". Han segjer mykje, som er godt og sant og altfor sant. Men Danmark, med eit Faatal av Georgeistar og ei Mengd med Jordherrar, dertil med Tvokammersystem og eit Minimum av Handlingskraft beda Danmark handle straks i ei slik Sak klingar som Spott helst. I det heile: kor er Handlingskraft og Handlingsvît?

29. 2. 20.

Igaarkveid tala Borgarmeister Lindhagen fraa Stockholm i Studentersamfunde (Turnhallen); og um han ikkje nettupp er nokon Talar, so er han ein intelligent Mann og var væl verd aa høyre paa. Det var eit socialistisk Spursmaal, han hadde for seg; og klaart og godt fekk han fram, det eg lenge hev vore inne paa, at Partistyre, i det heile den nyare Politiken, med sin Strid og sitt Hat, den kann aldri føre fram til eit godt Samfundsliv, til social Harmoni: det er dei "gamle Sanningarne", me maa byggje paa, dei som er framme baade hjaa Konfutse, Buddha, Kristus: Næstekjærleikslæra, Bødet um aa vera mot andre som me vil at dei skal vera mot oss o. dl. Dette kom so godt fram, at det var visst mange – ein og annan av dei unge "Bolsjevik"-studentarne med – som förstod; det vart daa visst klappa dugeleg. For meg, som kjenner Tanken fraa baade Henry George, fraa "Samstyre"- og fraa "Retisstatt"-Arbeide, var Foredrage reint gildt aa høyre paa – han bør gjeva det ut –; og han kritisera baade Høgre og Vinstre og sitt eige (socialdemokratiske) Parti paa ein Maate som viste, at han hev vunne seg ut or Partitrældomen, er likso fri som intelligent. Serleg sterk var Kritiken hans yver Samfundsmoraliteten (som preikar Næstekjærleik um Sundagen og elles driv Partikrig); og naar Folke – etter hans Røynsle – tenkte meir etiskt (kristelegt) her enn dei politiske Førarane sine, so kann der vera noko i det; iminsto hev det fyrr vore so – i Norig med. Men Folke kjem meir og meir inn i Ufreden, det òg: at Borgarkrigen dreg nedover gjeld nok ikkje berre for Overklassa.

27. 3. 20.

Etter "Den lige Vei" hev det ugreie Zahleministerie (i dette

Tilfelle Edv. Brandes og Ove Rode) endeleg kome med det lenge lova og Gong paa Gong utsette Framlegge um Grunnskyld. Det hev ymse Lyte, men er Stykkevis rett godt, so at kann det bli vedteke og sidan etterkvart retta og fullført, so kann Schvan endaa faa Rett i si – for meg uventande – Tru paa Danmark. Men enno er alt uvisst; – "me fær sjaa". Men ein Stubb um Framlegge skal eg sjaa aa faa inn i "D. 17de"; det er mange som hev godt av aa faa ei Meining um, at me norske i k k j e lenger er millom dei fyste i Politiken, dessverre.

– Ei Pakke georgistiske Smaaskrifter (og mitt eige Hefte um Folkestyre og Partistyre) er sendt meg fraa Danmark uten Opplysning um, kven som hev sendt det. Naa; det kjem vel Brev sidan, kann eg tru.

Band 6

8.11.20

– Det er open Ufred endeleg millom Socialdemokratar (engelske og i det heile vesterlandske) og Bolsjevikar. Med dei engelske Georgistarne synest det vera reint avstillna, – aa-ja, med Georgistarne i det heile visst. (Danmark fraarekna?) Og anna enn Attergang er ikkje ventande etter dei Ufredstiderne, me no hev havt.

Attergang (dvs. aalmenn Attergang) ventar dei i Amerika, av di "Republikanarann" hev vunne; kor mykje det kann hava paa seg veit ikkje eg. (T. D. meir Jordsamling paa einskilde Hender?)

– Wilson skal vera heilt ferdug (paralysis generalis); det er vel elles berre ei Partilygn.

– Økonomisk gjeng det nok nedover i det heile; Bladi melder um meir og meir Arbeidsstans. Og skulde det halde paa, so fær me ein fæl Vinter.

16. 1. 23.

Endeleg eit Brev fraa Jørg. E. Møller. Han er mindre modlaus enn eg hadde tenkt; held paa ei Vis uppe dei gamle Georgist-Møti (der fyrr-verande Justitiarius Thomle no er – so halvt – med); Ægidius Elling (som i Sumar skreiv i Dagbl. um Grunnskyld i Byen) er òg med; og no vil Lage gaa paa Bystyre med Krav i den Leidi han der heldt fram. Lieng hev for si Grunnskyld-Tru vorte avsett som Forretningsfører ved Smaabrukarlage (gjekk fraa 1/11); men med Hjelp av Georgelage driv han paa og agiterar.

Elles er han Skrivar ved Smaabrukarlage i Buskerud og kann vera til Hjelp der òg. No sit han i den store Jordkommissjonen (som snart er ferdug); Innstilling (fraa 3 Fraksjonar) kjem snart; Fraksjonen Lieng (og dei tvo Kommunistarne?) vil halde fram Grunnskyldsaki, og krevja ho gjennomført n o k o lenger enn no. Thomle "nærmer sig mer og mer rettsdemokratiet". (Fullt so aaleine som eg tenkte er eg daa ikkje.) Møller fær noko betre Tid fraa næste Skuleaar, og vil daa drive meir paa; han vonar endaa aa faa Thomle med seg.

16.9.23

– Prof. B ö ö k skriv um Tolstoi, men veit ikkje av at Tolstoi i sine siste Aar var Georgeist. – Generalkonsul S t o r m skriv um "landets økonomiske og moralske depression", og Skildringi er myrk, – so myrk, at um ein ikkje hev ljosare Syn enn eg, so vonar ein endaa i det lengste paa at ho er f o r myrk, og at der vil koma Opplysningar som viser dette (og som ein daa fær sjaa um ein kann tru paa!), Men fælt er det aa lesa slikt som at ø Lande (Stat og By- og Landsherad) hev ei Skuld paa "rundt 3 (tri) milliarder", og at den held paa og stig; at Staten hev eit Underskot paa "hundreder af millioner"; at den norske Kruna "staar daarligst af alle neutrale landes valuta"; at me lyt til Amerika, naar me skal ha eit Laan,

og fær det der "paa betingelser som tidligere kun var kjendte i stater med tvilsom fortid"; at Lande maa laane Pengar til dei daglege Statsutgifterne, hev pantsett sine Aktiva og liver paa Framtidi **dvs.** paa Borni vaare; at me enno berre er "ved begyndelsen til den trængsel som venter os": "forsagelsens og nødens skjærsild", og at folkets skatteevne er sprængt". som me kann sjaa av "de stigende uerholdelige skatterestancer paa utallige (s i c) millioner", "Samfundet er sygt, har rygmarvstæring," sluttar Storm.

Me fær sjaa meir um dette. Men at det er ille, um vel ikkje fullt so ille (Storm er Høgre-mann), – det er dessverre visst nok.

Bokresensjon 22. 11. 23

– Ingvald F o r s b e r g ("Den store Striden") synest elles aa tru, at ein noko meir menneskjeleg Antikristendom enn den kyrkjelege (den grundtvigske) no etterkvart skulde kunna vinne seg inn hjaa ein og annan i Folke. Men det er vel ei altfor vaageleg Von. Folke m a a hava eit Helvite so heitt som det lutherske aa steikje sine Fiendar i og ein Djevel so sløg som Fanden til aa orsaka "Synderne" sine med. Og um Folkehøgskulen nok for ei Tid fekk den kyrkjelege Eventyrheimen til aa ljøsne for ein og annan, so er det visst for lenge sidan Slutt med det no, veit eg.

Ingvald Forsberg skriv elles godt; men i det nordlandske (finnmarkske?) Landsmaale hans er der ymist halvdanskt, og eit og anna svenskt med (eller svenskdanskt, som "Ju" = jo). Men kor mange er det som skriv reint Norskt i desse Tider?

Sjølve Hallingdølen og Skulemannen O l a v S I e t t o burde kunna skrive reinare enn han skriv i den siste Boki si, "Signum Christi". Det er elles ei ny Paulusbok, dette; han er vorten i sers mun Paulusdyrkar, denne Hallingdølen og hev endaa ikkje greie paa at Paulus (i beste Maaten tydd) var Messiasdyrkar og ikkje trudde paa Nikæadogme. I Skildringi av den græsk-romerske Nedgangstidi er der elles, so vidt som eg kann skyna, mykje godt; fleire rett forvitnelege Figurar er der med, um dei ikkje nettupp vert noko klaare; og Hovudpersonen, skulde vera, Paulus, er det ikkje heller noko Magt i, – um han elles tek Førarskapen paa Skuta, daa Officerar som Mannskap hev gjeve upp alt og berre ligg og ventar paa Forlise. Men Boki vil falle godt inn i "Tidsstemningi".

12. 12. 23

– For stutt vert elles ikkje Lïvetidi Mi; Arbeidskrafti minkar, um ikkje fort nettupp. Og det same lyt eg segja um Arbeidsmode, um eg elles held det uppe best eg kann. So greidt er det elles i k k j e aa halde norskt Arbeidsmod uppe i ei Tid, daa Folke meir og meir strøymer til Byarne, – som med all norsk Tilstrøyming held seg like danske. Og um Bondefolke vinn seg rett godt framyver i norsk Leid, – det skal no vera berre noko slikt som 1/3 av Folkemengdi (i kr. 35 %). Og um me hev vunne 2000 Skulekrinsar, – me hev i kr. 6000 Skulekrinsar paa Lande i Noreg, – umframt alle Byskularne. Og fem Settepartar av Folke bur i Byar, Fabrik- og "Stasjonsbyar" og i Bygder med Danskeskular. Me hev 180 Millomskular; av dei er 3–4 (kann-hende 4–5) norske. Alle tekniske,

Handels-, Sjømannskular, Jordbruksskular (flest), Underofficersskular er danske. Av (meir enn) 20 Gymnas er 4 norske. Ungdoms-, Lærer-, Folkehøgskular gjer mykje godt norsk Arbeid; men kva gjer det mot alt Danskemaalstræve. Og Universitete – 3–4 Professorar av ikr. 70 brukar Norsk.

Einaste Voni skulde vera, um me – gjennom Rettsstatsskipnaden – fekk styrkt Bondefolke; men – -. Ingen er meir rædd Rettsstatstanken enn Bondefolk og Maalfolk. Ettersom det no ser ut vert det daa ikkje anna for oss norske aa gjera enn: arbeide herdig og so "døy som Menn".